




VITENSKAPELIG  
HØYSKOLE  
FOR TEOLOGI,  
RELIGION OG  
SAMFUNN



VID

# Nye moglegheitsrom i koronatid?

«Det er litt paradoksalt egentlig, men vi har gjort mer ting felles nå i koronatiden enn før og det er tatt flere avgjørelser felles i staben, der alle er med da.» (...) «vi har samarbeidet mer også, og om flere ting da»

**Sissel Johanne Fylkesnes Våge**

**Rettleiar**

Professor Praktisk teologi Tone Stangeland Kaufmann

VID vitenskapelige høgskole

MF vitenskapelig høgskole

AVH5070 Masteroppgave i diakoni (30 ECTS)

Master i diakoni

Juni 2021

Tal på ord: 24922



## Føreord

Det er mange som fortentar takk for at denne oppgåva er fullført.

Fyrst vil eg takka diakonane som stilte til intervju. Takk for tid og for å ha gitt meg auka kunnskap om diakonyrket.

Takk til lærarar og medstudentar på VID og MF som har gjort studiet til ei god oppleving. Særskilt takk til Johan Ruben og Liv Helene for støtte og samslit.

Takk til min rettleiar Tone Stangeland Kaufmann som med tolmod har vandra saman med meg gjennom masterskogen. Takk for kritisk blikk og oppmuntring.

Takk til arbeidsgjevar og kollegaer som har halde ut med meg, og støtta meg i prosessen med masterstudiet.

Ei stor takk vil eg også gje mine to søstre Ragnhild og Liv Merete for språkvask av eksamen etter eksamen, og av masteroppgåva.

Til slutt ei stor takk til mine tre barn Kristian, Sofie og Margit Elise og til Alv Magnar for å ha heia på meg, sjølv om eg har brukt feriar og fritid til å lese.

## Samandrag

Denne masteroppgåva set søkjelyset på korleis diakonane i Den norske kyrkje erfarer moglegheitsrom i profesjonspraksisen. I Plan for diakoni og vedtak i sentrale organ verkar Den norske kyrkja å plassera diakonien og diakonar med omsorga for kvarandre og skaparverket i senter av kyrkja. På ei anna side viser empirisk forskning at det finnes spenningar mellom dette og korleis diakonar erfarer rommet for det diakonale arbeidet. Rett etter eg byrja arbeidet med masteroppgåva, og hadde fatta interesse for praksisteori som aktuelt teoretisk perspektiv, kom koronapandemien. Praksisteori er brukt for å setje lys på kva endringar i rutinar i diakonane sin profesjonspraksis under koronapandemien kan ha betydd for strukturen i praksisen. Problemstillinga er: Korleis erfarte diakonar i Den norske kyrkja moglegheitsrom i sin profesjonspraksis under koronapandemien våren 2020, sett i lys av spenninga mellom profesjonen skildra som sentral og marginalisert?

For å svare på problemstillinga gjorde eg ein empirisk case- studie med delvis- strukturerte kvalitative forskingsintervju som metode. Praksisteori er teoretisk rammeverk på eit overordna nivå. Vidare i det teoretiske rammeverket nyttar eg Paavola og Hakkarainen sin teori om kunnskaping, Tjora si utgreiing om fellesskap, Afdal si modifiserte utgåve av Wertsch sitt syn på eigenskapar ved mediert handling, og Nygaard si empiriske forskning på diakonar sin profesjonspraksis.

Viktig for utvikling og moglegheitsrom i praksisar er samhandling og betydninga reiskapar har for samhandlinga. Desse vekene under koronapandemien med endring av rutinar og bruk av nye reiskapar, eller reiskapar brukt på nye måtar, verkar å ha gitt diakonane eit utvida repertoar og erfaringar av større moglegheitsrom enn før koronapandemien. Det er likevel også nye hindringar, som til dømes å ikkje kunna møte kvarandre. Dette er særleg tydeleg i stabsfellesskapet. Stabsfellesskapet peikar seg ut med flest hindringar før koronapandemien, men også med flest opnarar og ulike typar reiskapar i desse opnarane for moglegheitsrom i diakonane sin profesjonspraksis våren 2020 under koronapandemien.

## Forkortingar

Dnk Den norske kyrkja

DNDF Det Norske Diakonforbund

# Innholdsliste

1	Innleiing .....	1
1.1	Motivasjon.....	1
1.2	Forskingsbidrag .....	2
1.2.1	Diakonprofesjonen sin situasjon i kyrkjelydar i Dnk .....	2
1.2.2	Kunnskapsdanning og moglegheitsrom i diakonar sin profesjonspraksis .....	5
1.2.3	Senter, periferi, diakonprofesjonen og ekklesiologi.....	6
1.3	Forskingsdesign.....	6
1.3.2	Presisering av omgrep .....	7
1.3.2.1	Diakon og profesjon .....	8
1.3.2.2	Praksis, moglegheitsrom og marginalisering .....	8
1.3.3	Avgrensing .....	9
1.3.4	Fagleg samanheng og formålet med studien .....	9
1.3.5	Oppbygging av oppgåva .....	10
2	Teoretisk rammeverk.....	11
2.1	Praksis og praksisteori.....	12
2.2	Praksisteori som ei verktøykasse.....	13
2.3	Kunnskaping.....	15
2.4	Fellesskap, integrasjon og interaksjon .....	16
2.4.1	Integrasjon, om å vera innanfor og utanfor .....	17
2.4.2	Interaksjon og integrasjon .....	18
2.5	Ulike eigenskapar ved mediert handling .....	21
3	Metode.....	24
3.1	Val av metode og vitskapsteoretisk grunnlag .....	24
3.2	Forskningsprosessen og vurderingar undervegs .....	27

3.2.1	Utval .....	27
3.2.2	Intervjua .....	29
3.3	Om studien, teori, material og metode .....	30
4	Presentasjon av det empiriske materialet .....	32
4.1	Samhandling når rutinar vert rokka ved .....	33
4.2	Samhandling og medierande reiskap.....	39
4.3	Samhandling på nye plattformer .....	45
4.3.1	Nye plattformer som opnarar for møtepunkt mellom diakonar .....	45
4.3.2	Å møte deltakarar og frivillige på nye plattformer .....	50
5	Drøfting .....	55
5.1	Aude øy og betydninga av samhandling i trygge rammer og fellesskap .....	55
5.2	Nye refleksjonar, opning for samhandling på nye måtar?.....	56
5.3	Reiskapar og samhandling med deltakarar, kyrkjelyd og stab.....	57
5.4	Meir samhandling i kollegafellesskap.....	60
5.5	Samhandling i nettbaserte gudstenester .....	62
6	Konkluderande oppsummering og utblikk .....	65
6.1	Konkluderande oppsummering .....	65
6.2	Utblikk.....	67
7	Litteratur.....	69
8	Vedlegg .....	74
	Vedlegg 1, Informasjonsskriv .....	74
	Vedlegg 2, Intervjuguide.....	76
	Vedlegg 3, Godkjenning NSD .....	77

# 1 Innleiing

I innleiinga i Den norske kyrkja sin nyleg reviderte Plan for diakoni vert det peika på diakoni som integrert i kyrkja sitt oppdrag og identitet, og avgjerande for realisering av kyrkja sin visjon om «Meir himmel på jord» (Den norske kirke, 2020, s. 3). Vedtak i sentrale organ i Den norske kyrkja (Dnk) gjev tilsynelatande eit bilete av diakonien og diakonar med omsorga for kvarandre og skaparverket som plassert i senter av kyrkja (Den norske kirke, 2011). Det er mange døme på at diakonar sitt profesjonelle arbeid kjem innbyggjarane til gode, på innovative og nytenkjande diakonar, på samarbeid mellom diakonar og andre aktørar i kyrkja, og med andre aktørar i samfunnet (Nygaard, 2015; Haugen, 2018; Edgardh, 2019). På ei anna side er det dei seinare åra også kome forskning som viser at det finst spenningar mellom det Dnk uttalar om diakoni og diakontenesta, og korleis diakonar opplever å vere diakonar i kyrkjelydane, og rommet for det diakonale arbeidet der. Denne forskinga peikar blant anna på utydelege grenser og mandat for diakonane sitt oppdrag, ei underordning av diakonprofesjonen og mangel på organisatorisk støtte til diakonane (Nygaard, 2015; Edgardh, 2019; Sjøberg, 2020).

## 1.1 Motivasjon

Motivasjonen min for å skriva om diakonar sin situasjon og moglegheitsrom er at eg i stillinga som diakoniarbeidar og på diakonistudiet opplever at den diakonale tankegangen er ein god måte å møte folk. Diakoni handlar til dømes om «å åpne nye rom for mennesker» slik diakonane Erikstein og Solbu skriv i ei inspirasjonsbok om diakoni (Erikstein & Solbu, 2009, s. 18). Eg opplever likevel at folk flest ikkje veit kva diakoni handlar om. Dette gjeld også nyvalte medlemmer i sokneråd eller diakoniutval. Sjølv visste eg heller ikkje så mykje om kva diakonien i kyrkjelydar handla om før eg las utlysingsteksten for stillinga. Eit anna eksempel er ein samtale med ein kollega eit par år etter eg byrja i stillinga: «då du starta i jobben tenkte eg: «stakkar ho som skal inn i den stillinga. Ho må jo finne på alt ho skal gjera». Kollegaen min meinte det låg lite definerte oppgåver til stillinga og at det var vanskeleg å finne ut kva ein skulle ta tak i. Dette går overeins med forskinga vist til over. Grunnutdanninga mi er



sjukepleiar. For om lag 10 år tilbake tok eg ei vidareutdanning i helsefremjande og førebyggjande arbeid. Som følgje av studiet tok eg eit treningskontaktkurs. Noko som limte seg fast etter dette kurset var ein frase den eine kursleiaren gjentok gong på gong. Ho sa: «De må sjå etter moglegheitene!» Ynskje mitt med denne oppgåva er å få meir tak på kva moglegheitene i diakonane sin profesjonspraksis i kyrkjelydar i Dnk er, eller/og kva som skapar desse moglegheitene.

## ***1.2 Forskingsbidrag om diakonar sin profesjonelle praksis, situasjon og moglegheitsrom***

For å finne forskingspublikasjonar om diakonar sin situasjon og moglegheitsrom i kyrkjelydar i Dnk søkte eg fyrst i Oria med søkjeord som diak\* kombinert med empir\*, kunnskap, profesjon eller metode, og diac\* kombinert med method, profession, knowledge eller empir\*. Artiklane og bøkene eg fann i søka har også vore kjelder for å finna litteratur.

### **1.2.1 Diakonprofesjonen sin situasjon i kyrkjelydar i Dnk**

Innan diakonifeltet finst mange bidrag/litteratur/teori som seier noko normativt om kva diakoni og diakonprofesjonen er og bør være i kyrkja, i kyrkjelydar og i samfunnet. Me finn mellom anna døme på eit paradigmeskifte. Frå å sjå diakoni og diakonar som profesjonelle utøvarar knytt til eigne institusjonar, ser ein no diakonien som ein integrert del av kyrkja si sjølvforståing, slik det til dømes vert vist til i Plan for diakoni. Denne tankegangen viser planen mellom anna er inspirert av den økumeniske rørsla i Kyrkjenes Verdsråd og Det lutherske verdsforbund (Den norske kyrkje, 2020, s. 4). Eit dokument som kan nemnast her er *Diakoni i kontekst: forvandling, forsoning, myndiggjøring*, utgitt av Lutherske verdsforbund i 2009/2010, som blant anna Dietrich et al viser til. Dietrich et al viser også til at dette nye paradigmat er inspirert av John N. Collins sine undersøkingar av diakonorda i den greske oversetninga av Det nye testamentet. Han kom fram til ei forståing av diakonen som mellommann eller bodberar, heller enn audmjuk tenar slik diak- ord lenge har vore vanleg å forstå (Dietrich et al, 2014, s.3ff).

Drøftingar i kjølvatnet av Collins si utgreiing har hatt innverknad både på forståinga av diakonal praksis og utvikling av diakoniteori. Forskarar/forfattarar i diakonifeltet som er inspirert av og bidragsytarar til denne forståinga, og viktige bidragsytarar til diakonifeltet er til dømes Kjell Nordstokke med blant anna *Liberating diakonia* (2011). Andre er Hans Morten Haugen med boka *Diakoni i velferdssamfunnet: mangfold og dilemmaer* (2018). Nordstokke er også redaktør saman med Stephanie Dietrich, Knud Jørgensen og Kari Karsrud Korslien for triologien, *Diakonia as Christian Social Practice* (2014), *An Introduction and Diakonia in a Gender Perspective* (2016) og *The Diaconal Church* (2019). I ei bokmelding av *The Diaconal Church* peikar Kaunda på at triologien og boka er viktig bidrag, men viser til at han hadde ynskt meir empirisk forskning på korleis diakoni vert praktisert som religiøs praksis i dagleglivet i ulike kyrkjelydar (Kaunda, 2020, s. 302). For mi oppgåve er også meir empirisk retta forskning mest relevant.

Av rapportar om tilsette i Dnk sin situasjon ser eg AFI-rapporten *Arbeid, helse og engasjement blant ansatte i Dnk* som relevant. Rapporten finn at diakonar, kyrkjemusikarar og undervisningspersonale skåra høgast på skalaen for fag- og personkonfliktar av dei kyrkjeleg tilsette, som igjen vert assosiert med høg skår på å verta utbrent og låg skår på engasjement i jobben. I undersøkinga svara 14,3 % av dei diakonitilsette at dei opplevde konfliktar som belastande i arbeidskvardagen (Lau, 2012, s. 29).

Det er komne fleire interessante og aktuelle bidrag som viser korleis diakonane erfarer sin profesjonspraksis dei seinare åra. Aktuelt å nemne her er masteroppgåva til Lena Sjøberg der ho for åra 2015- 2019 har løfta fram og systematisert nordiske vitskaplege tekstar og forskning om diakoni og diakonar knytt til kyrkjer og trusbaserte organisasjonar (Sjøberg, 2020). Sjøberg startar avhandlinga med at «Diakonivetenskapen är den akademiska kunskapen om det svårdefinierade ”något” som hela den kristna kyrkan utmanats att praktisera och reflektera kring i mötet med medmänniskan» (Sjøberg, 2020, s. 3). I følgje Sjøberg viser nordisk forskning om diakonprofesjonen stor breidde og kompleksitet i diakonar sitt arbeid retta mot menneske i utsette livssituasjonar, men også ein vanskeleg arbeidssituasjon for diakonar. Det

er interessant at ho finn at dette er eit bilete som teiknar seg både i Finland, Sverige og Norge, sjølv om organiseringa av diakontenesta er ulik i desse landa (Sjøberg, 2020, s. 44).

Ninna Edgardh, professor i kyrkjevitskap og særskilt diakonivitskap ved universitetet i Uppsala, har ved fleire høve løfta fram problemstillingar om diakoni, diakonar, omsorg og kjønn. Ho har til dømes delteke i det komparative forskingsprosjektet mellom åtte land i Europa, *Velferd og religion i eit europeisk perspektiv* (WREP), der spørsmål rundt kjønn og profesjonsutøving også inngår. Noko av materialet frå WREP-prosjektet brukar ho mellom anna i boka *Diakoniens kyrka, Teologi, køn och omsorgens utmattning* (Edgardh, 2019). Edgardh viser til at det i den Svenska Kyrkan si kyrkjeordning ikkje er klart regulert korleis diakonien skal verta utført i ein kyrkjelyd. Tolkinga av kva som er diakonen sitt område skjer i følgje Edgardh kontinuerleg på mange nivå frå kyrkjelyd, stab, sokneråd, fellestråd, den enkelte diakon til nasjonalt nivå (Edgardh, 2019, s. 140-141), som også Kari Jordheim viser til er tilfelle for diakonar i Norge (Jordheim, 2011, s.162).

Charlotte Engel viser i ein rapport frå 2017, der ho i lag med Elisabeth Christiansson gjorde ein intervjustudie i Stockholm, til diakonane sin situasjon i Svenska Kyrkan som eit «diakonalt syndrom». I dette syndromet peikar ho på fleire strukturelle forhold som både har å gjera med utdanning av og støtte til diakonane, og med leiinga i kyrkjelydane sin kunnskap om diakoni. Utfordringane på det strukturelle nivået vert lagt på den enkelte diakon, og slik personleggjort. Engel hevdar at det er dei kyrkja seier diakonane skal vere der for som lid under desse manglane (Engel, 2017, s. 32).

Marianne Rodriguez Nygaard ser i ein artikkel frå 2011 på profesjonsvilkåra til diakonar i Dnk. Ho peikar på at diakonar sin profesjonskunnskap har vore vanskeleg å plassera i spennet mellom allmenn diakoni og den lange teologiske forskningstradisjonen (Nygaard, 2011, s. 32). Denne artikkelen utarbeida Nygaard i samband med doktorgradsavhandlinga frå 2015 som eg omtalar seinare. Ein anna faktor Nygaard peikar på er at ved mangel på diakonar vert presten eller diakoniarbeidarar sett til å leie diakonitenesta. Nygaard spør korleis dette heng saman med

kjenneteikna til profesjonar om å vera ekskluderande, i tydinga at bestemte inntektsbringande arbeidsoppgåver er reserverte til personar med ei bestemt utdanning (Nygaard, 2011, s. 35). Som eit apropos konkluderer Angell og Selbekk i rapporten *Kirke og helse – kartlegging av diakonalt helsearbeid innen Den norske kirke* med at diakonen både styrker diakonalt arbeid i kyrkjelyden, og samarbeidet med det offentlege (Angell & Selbekk, 2005, s. 13). Fanuelsen viser på si side til at arbeidsforholda for diakonar i Dnk gjer at mange diakonar sluttar. Dei går over til stillingar i det sekulære samfunnet, eller studerer vidare for å bli prest (Fanuelsen, 2013, s. 319).

### **1.2.2 Kunnskapsdanning og moglegheitsrom i diakonar sin profesjonspraksis**

I doktorgradsavhandlinga si ser Nygaard på kunnskapsdanningsprosessar og omsorg i diakonane sin profesjonelle praksis i tre ulike artiklar (2015). I den fyrste artikkelen undersøker ho saman med Afdal korleis studentar vert førebudde på praksis ved å studere læreplanar for diakonstudiet i Sverige og Norge. Nygaard og Afdal finn at studentane vert godt førebudde i forhold til deltakarar i det diakonale arbeidet, men i mindre grad i forhold til andre profesjonar (i Nygaard, 2015, s. 72 og s. 119). I den andre artikkelen ser ho på kva som er karakteristisk for diakonar sine kunnskapsdanningsprosessar og omsorg i stabsfellesskapet. Funna viser stabsfellesskap med liten grad av omsorg, arbeid prega av førehandsdefinerte retningslinjer, og at arbeidet i dei ulike fagfelta finn stad i parallelle løp. Omsorg eller mangel på omsorg høvesvis fremjar og hemmar kunnskapsdanningsprosessar i dei ulike fagfelta i kyrkjelydar i Dnk (Nygaard, 2015, s. 144). Begge artiklane er viktige for mitt forskingsbidrag. Den tredje artikkelen handlar om kunnskap og omsorg i diakonane si samhandling med deltakarar. Denne viser eit samanfallande mønster for korleis diakonane brukar reiskap som skapar og utforskar moglegheitsrom, eller *spaces of possibilities*, i lag med deltakarane. Avslutningsvis seier Nygaard at omsorg og kunnskapsdanningsprosessar i diakonane sin profesjonspraksis er kjenneteikna av at diakonane er brubyggjarar mellom ulike felt. Dette gjeld både i kyrkja, og mellom kyrkja og eit komplekst samfunn. I denne mellomfunksjonen ligg styrken til diakonane, men også diakonane si utfordring, slik ho ser det (Nygaard, 2015, s. 93-94).

### **1.2.3 Senter, periferi, diakonprofesjonen og ekklesiologi**

Interessant for diakonane sin situasjon og moglegheitsrom er også Nygaard sin seinare artikkel der ho drøftar utfordringar for diakonane og diakonien med å vera i periferien (Nygaard, 2017). Edgardh peikar også på at kyrkja på den eine sida ser diakonien som sentral, på ei anna side som underordna kyrkja si lære og gudstenesta. Diakonen vert i praksis sett på som underordna presten sjølv om begge er vigsla (Edgardh, 2020, s. 39).

Bidraga i forskingsoversikta viser at Dnk i visjonar og planar ser diakonien som sentral for sin identitet og virke. Det er også mange døme på at diakonar sitt profesjonelle arbeid kjem innbyggjarane til gode. Det er likevel eit spenningsforhold mellom korleis diakonar erfarer profesjonspraksisen i Dnk, og korleis kyrkja viser til diakoni i vedtak, planar (Den norske kirke, 2011; Den norske kirke, 2020). Går ein nærare inn i ordlyden i vedtak om diakoni og diakonar eller funn i empiriske studiar om diakonar sine erfaringar, vert det av fleire peika på ei underordning og marginalisering (Nygaard, 2015; Nygaard, 2017; Edgardh, 2019). Det vert også peika på arbeidsforhold med liten grad av omsorg, noko som hemmar kunnskapsdanningsprosessar (Nygaard, 2015).

## **1.3 Forskingsdesign**

Rett etter eg byrja arbeidet med korleis eg skulle gå fram for å undersøkje diakonar sin situasjon og moglegheitsrom, og hadde fatta interesse for praksisteori som aktuelt teoretisk perspektiv, kom koronapandemien. I eit praksisteoretisk syn vert i følgje Reckwitz strukturen i ein sosial praksis, som i diakonane sin profesjonspraksis, til i dei rutinemessige handlingane i praksisen. Ideen om at den sosiale strukturen består av rutinar inneber på same tid at strukturen er mellombels og kan verta endra når rutiane vert brotne (Reckwitz, 2002, s. 255). Når rutinar vert truga må aktøren handle i situasjonen han står ovanfor, i relasjonane han er ein del av og med kunnskapen han har, eller mangel på kunnskap i følgje Reckwitz (2002, s. 254- 256). Koronapandemien er ein situasjon der rutinar vart rokka ved.

Eg vil bruke koronapandemien våren 2020 som case for å sjå på spenninga mellom profesjonen skildra som sentral og marginalisert. Teiknar det same bilete seg som Nygaard (2015; 2017) med fleire viser til, med ei underordning av diakonprofesjonen, eller ser me ei endring? Problemstillinga eg har valt vert då slik:

Korleis erfarte diakonar i Den norske kyrkja moglegheitsrom i sin profesjonspraksis under koronapandemien våren 2020, sett i lys av spenninga mellom profesjonen skildra som sentral og marginalisert?

Som hjelp til å svare på problemstillinga brukar eg desse forskingsspørsmåla:

Korleis erfarte diakonane samhandling i sin profesjonspraksis under koronapandemien våren 2020?

Korleis erfarte diakonane bruk av reiskap under koronapandemien våren 2020?

Eg brukar desse forskingsspørsmåla for å sjå på kven diakonane samhandlar med, kva dei samhandlar om, korleis samhandlinga fann stad og korleis diakonane opplevde dette for moglegheitsrom i sin profesjonspraksis under koronapandemien våren 2020.

I denne oppgåva er analyseininga moglegheitsrom i fem diakonar i Dnk sin profesjonspraksis med dei fyrste vekene av koronapandemien våren 2020 som case. Materialet i oppgåva kjem frå desse diakonane (Jamfør Anker, 2020, s. 33-34). I metodekapittelet greier eg vidare ut om analyseininga og materialet.

### **1.3.2 Presisering av omgrep**

Nedanfor gjev eg ein introduksjon til omgrepa diakon og profesjon i problemstillinga, praksis, moglegheitsrom, marginalisering.

### 1.3.2.1 Diakon og profesjon

Profesjon er eit omstridd omgrep som kan ha fleire tydingar i følgje Molander og Ternum (2008, s. 16). Når ein i daglegtale omtalar nokon som profesjonell viser det til at han har gode dugleikar eller er dyktig på noko (Molander & Ternum, 2008, s. 18). Ordet profesjon tydar i følgje Eriksen og Molander å erklære offentleg og kjem av det greske ordet *prophaino*. Profesjonar kan i følgje desse forfattarane verta forstått som yrkesgrupper som har ein kunnskap andre ikkje har, og som er viktig for å handtere utfordringar i menneska sine liv (Eriksen & Molander 2008, s. 161). Profesjonar har med bakgrunn i sin fagkunnskap fått makt eller eksklusiv rett av staten til å utføra visse tenester for allmenta sitt beste etter profesjonen sitt beste skjønn, seier Eriksen og Molander (2008, s.162). Det er arbeidsoppgåva sin karakter som set standarden for kva element kunnskapsbasen i profesjonen inneheld i følgje Grimen (2008, s. 84).

Diakonane eg intervjuar er tilsett i kyrkjelydar i Dnk. Kriteriet for å vera diakon i kyrkjelydar i Dnk er no ei mastergrad i diakoni som byggjer på ei bachelorgrad i helse- og sosialfag, pedagogiske fag eller praktisk kyrkjeleg utdanning (Den norske kirke, 2021). For diakonar utdanna før 2005 var det ei vidareutdanning med teologi og diakonifag. Diakonane har sitt mandat gjennom kyrkja sine planar og vedtak. Desse planane og vedtaka viser til at diakonane sin kunnskap skal koma befolkninga til gode ved at diakonane arbeider saman med andre på ulike felt for ei betre verd (Den norske kirke, 2011; Den norske kirke, 2020). Molander og Ternum viser til at ulike yrker i større og mindre grad har kjenneteikn på å vera profesjonar, og at det slik er snakk om grader heller enn grenser (Molander & Ternum, 2008, s. 20). Å undersøkje i detalj kor diakonyrket er på eit slikt kontinuum er ikkje søkjelyset i denne oppgåva, men korleis diakonane erfarer sin situasjon og moglegheitsrom.

### 1.3.2.2 Praksis, moglegheitsrom og marginalisering

I Store norske leksikon vert ein moglegheit definert slik: “En mulighet er et element som alene eller sammen med andre elementer har i seg et potensial for å gi positive konsekvenser for noe som er av verdi for oss mennesker”. Dette kan bestå av: “handlingar, aktivitetar, komponentar, systemer eller hendelser» (Store norske leksikon, 2020). Som eg har vist til er moglegheitsrom også eit sentralt omgrep i Nygaard sin studie. Moglegheitsrom, marginalisering og praksisteori

sitt ontologiske syn for korleis me forstår oss sjølv i verda på, eller i diakonane sin profesjonspraksis, vert drøfta vidare i teorikapittelet og er ein raud tråd i oppgåva.

### **1.3.3 Avgrensing**

I denne oppgåva har eg valt å intervju diakonar i kyrkjelydar i Dnk om deira erfaringar med situasjonen og moglegheitstromma i profesjonspraksisen. Eg avgrensar meg frå å sjå på erfaringar frå andre kyrkjefamfunn, sjølv om dette også kunne vore interessant.

Diakonane som vart intervju kjem inn på mange ulike tema. Eg avgrensar meg likevel til å undersøkje om det har vore noko rørsle i erfaringane diakonane har med moglegheitsrom i profesjonspraksisen, i spenninga mellom profesjonen skildra som sentral og marginalisert, desse vekene under koronapandemien våren 2020.

### **1.3.4 Fagleg samanheng og formålet med studien**

Generell grunngjeving for prosjektet er studiar som viser til utfordringar med tverrfagleg samhandling i arbeidsfellesskap, jamfør til dømes Tjora (2018). I denne oppgåva er interessa å undersøkje utfordringar i diakonane sin profesjonspraksis og oppdraget for tenesta deira som del av fellesskapet og tverrfaglege team i kyrkjelydar i Dnk, og kva som skapar moglegheitsrom i denne praksisen. Akademisk plasserer eg difor studien innan det diakonale forskingsfeltet. Formålet er å bidra til ei auka forståing av hindringar for moglegheitsrom i diakonane sin profesjonspraksis, og kva som kan skapa opnarar som kan bidra til at diakonane ikkje skal vera åleine om det diakonale oppdraget til kyrkja. Slik at diakonane kan bidra med rettleiing og inspirasjon på alle nivå i kyrkja, som biskopane viser til i saka på kyrkjemøte i 2011 om diakontenesta i kyrkja sitt tenestemønster (Den norske kirke, 2011, BM 03/10 i KM 09/11, s. 19). I følgje Plan for diakoni i Dnk skal diakonien gjennomsyra alt som skjer i kyrkja, den er ei utfordring til alle om å ta vare på kvarandre gjennom små og store kriser i livet, og skal på same tid vera eit eige fagfelt med eigne tiltak og aktivitetar (Den norske kirke, 2020, s. 8). Formålet er vidare også å setje lys på prosessar som kan fremja moglegheitsrom i diakonane sitt arbeid,



ikkje berre som rettleiarar og inspiratorar for medmenneskeleg omsorg og fellesskapsbyggande arbeid, men også for korleis diakonane møter menneske i nød (Tjenesteordning for diakoner, 2005, § 2).


### **1.3.5 Oppbygging av oppgåva**

I innleiingskapittelet har eg gitt ei innføring i tema, problemstilling, analyseining og føremål for oppgåva. I kapittel to presenterer eg det teoretiske rammeverket som består av teori på ulike nivå. I det tredje kapittelet gjer eg greie for metoden som er brukt i studien, og refleksjonar rundt etiske og metodiske utfordringar undervegs. I kapittel fire vert det empiriske materialet presentert og analysert ved bruk av den teoretiske ramma. I dette kapittelet svarar eg i hovudsak på forskingsspørsmåla. I kapittel fem drøftar eg funna om opnarar og hindringar i diakonane sin profesjonspraksis som kom fram i analysen, for slik å svare på hovudproblemstillinga og korleis desse funna kan vere med å setje lys på faktorar for som opnar for moglegheitsrom i diakonane sin profesjonspraksis, og slik eit bidrag til ein god diakonal praksis i kyrkjelydar i Dnk.

## 2 Teoretisk rammeverk

I dette kapitlet vert det teoretisk rammeverket for studien presentert i lys av problemstillinga og sentrale omgrep i denne. I forskingsdesignet/innleiinga viste eg til at er praksisteori linsene eg har valt å bruke på eit overordna nivå. Praksisteoriar er ifølgje Nicolini teoretiske tilnærmingar til praksis som kan gje radikalt nye måtar å forstå sosiale fenomen og fenomen i organisasjonar på (Nicolini, 2012, s. 1). Reckwitz viser til at praksisteori kan få fram nye bilete av det sosiale og av menneskeleg aktivitet (Reckwitz, 2002, s. 244).

Praksisteori sin måte å forstå oss sjølv i verda på er ein raud tråd gjennom heile oppgåva og fyrste temaet i kapitlet. Det neste teorinivået og temaet er Paavola og Hakkarainen sin teori om kunnskaping. Her er søkjelyset på kva som kan bidra til å utvikla ein praksis (Paavola & Hakkarainen 2005, s. 554). Viktige element for kunnskaping er det relasjonelle, korleis fellesskapet i ein praksis vert opplevd og medierende reiskapar eller artefaktar (Paavola & Hakkarainen, 2005). Etter underkapitlet om kunnskaping kjem eit kapittel om korleis fremja gode fellesskap, og til sist i teorikapitlet ei identifisering av ulike eigenskapar ved reiskapar og mediert handling. Desse er viktige for analysen og drøftinga. Eg brukar også innslag av Nygaard si empiriske forskning på diakonar sin profesjonspraksis som eit siste teorinivå. Saman med anna forskning og sentrale vedtak og dokument som Plan for diakoni er dette viktig for å drøfta funna i analysen. For illustrasjon av dei ulike teorinivåa sjå figur 1 under.



Figur 1

## 2.1 Praksis og praksisteori

I følge Reckwitz må ein skilje mellom praksis som daglegdagse handlingar og praksisteori (Reckwitz, 2002, s. 249). Afdal viser til praksisteori som fortolka aktivitet, korleis ein forstår handling, og at praksis handlar om måtar ein i fellesskap samhandlar med ting på, og at praksisar slik også er materiale (Afdal, 2013, s. 172). For å få fram nye bilete frå praksis er observasjonar og forteljingar ein inngongsbillett, men set lite lys på kvifor handlingane er slik dei er, kva som mogleggjer ein slik praksis og korleis den bidreg til og samhandlar med livet i organisasjonen. For å forstå korleis ting heng saman treng ein også teoretiske linser og slik «tjukkare» skildringar eller sterke tilnærmingar (Afdal, 2013, s. 172; Nicolini, 2012, s. 12-14).

Praksis, som diakonane sin profesjonspraksis, er ifølge Nicolini eit resultat av eit komplekst samverke mellom det lokale og globale og historisk utvikling (Nicolini, 2012, s. 236).

Undersøkingar av praksis må starte med nærstudiar av ein stad, og følgje trådane frå denne til andre praksisar og vidare frå desse igjen, eller med tolmod utvide den hermeneutiske sirkelen. Eller som han også seier at ein må zoome inn på ein stad og zoome ut på samanhengen til andre praksisar (Nicolini, 2012, s. 238-239).

## ***2.2 Praksisteori som ei verktøykasse***

Praksisteoriar må ifølgje Nicolini sjåast på som ein familie av teoretiske tilnærmingar til praksis, med både fellestrekk og ulikskapar, og ikkje ein samla teori (Nicolini, 2012, s. 1). Nedanfor gjev eg ei samanfatning i fem punkt i synet på sosiale og menneskelege fenomen som Nicolini peikar på er samanfallande, eller typisk for mange av praksistilnærmingane (Nicolini, 2012, s. 3ff):

- Praksisteoriar legg vekt på at produserande eller reproduserande arbeid står bak alle tilsynelatande varige eigenskapar ved verda. I desse eigenskapane kan det også førekomma diskriminerande forhold som er vanskeleg å få auge på, fordi dei er blitt ein naturleg del av korleis ting heng saman. Praksisteori kan hjelpe oss å setje lys på dette (Nicolini, 2012, s. 3 og 6).
- Praksisteoriar legg vekt på kropp og materiale i sosiale samanhengar (Nicolini 2012, s. 4). Kroppen vert ikkje sett på som instrument for praksis, men innvoven i praksis. På same måte som kropp og sinn vert sett på som uunnverleg, er ting også uunnverlege. Skrivning og sosiale media er til dømes element som både kan hindra og gjera kropp og sinn i stand til aktivitetar i praksis, i følgje Reckwitz (2002, s. 251-253).
- Praksisteori set lys på aktivitetane og ikkje aktørane, for eksempel på salsstrategiar, men ikkje salspersonale, eller på diakonane sin profesjonspraksis og ikkje på diakonane, ifølgje Nicolini (2012, s. 6- 7). Det er likevel ikkje slik at individet og agentar ikkje kan skiljast frå kvarandre i praksisteori. I praksisteori har individet ein spesifikk plass som kryssar av ulike praksisar. Det er mange sosiale praksisar og kvar agent er innvoven i mange praksisar, og kryssar mellom ulike praksisar. Det er i denne

kryssinga mellom ulike praksisar det tolkande individet vert synleg (Reckwitz, 2002, s. 256- 257).

- Praksisteori er eit alternativ til å sjå forhold og fenomen i organisasjonen som noko som kjem frå tanken til det enkelte menneske. Det er ei felles forståing i praksisen om korleis ein gjer ting, ikkje berre gjennom språk, men også gjennom vanar, og korleis ein brukar ting og aktivitetar (Nicolini 2012, s. 5). Dette betyr også at kva som er rett og gale, eller kva ein skal ynskje og føle ikkje vert eigd av det enkelte individ (diakon, prest, trusopplærar, kantor etc), men er ein kunnskap i praksisen (Reckwitz, 2002, s. 254).
- Praksisteoriar stadfestar i tråd med punkta over at interesser og makt spelar inn på alt me gjer. Praksisteori legg difor vekt på makt, konflikhtar og politikk som grunnleggjande element av alt me erfarer (Nicolini 2012, s. 6). Praksisen gjev eller nektar menneske makt til å tenkje om seg sjølv på bestemte måtar, og til kva menneske kan og ikkje kan gjera. Denne makta gjer også at det i praksisen alltid finst spenningar, konkurranse og endring, og dette bidreg til å forstå at historiske og materielle forhold betyr mykje for korleis verda trer fram i dag (Nicolini, 2012, s. 6).

Eit praksisteoretisk rammeverk for å undersøkje diakonar sin profesjonspraksis vil slik bety noko for kor søkjelyset vert sett for å få ei større forståing for utvikling og moglegheitsrom i praksisen (Nicolini 2012, s. 6). Dette handlar, ifølgje Nicolini, om å starte med konkrete situasjonar og vidare bruke ulike praksisteoretiske tilnærmingar som kan utfylle kvarandre for å tolke og forstå desse. Ein søkjer å forstå og tolke praksis frå meir enn det den enkelte tenkjer om praksis. Dette handlar til dømes om å undersøkje kva folk og reiskap gjer, det relasjonelle, materielle, gjensidig påverknad mellom det sentrale og lokale eller mikro og makro, om å følgje trådane frå ein praksis til ein annan, og historisk utvikling (Nicolini 2012, s. 213ff). Nicolini omtalar den beste framgangsmåten for å undersøkje praksis som ei verktøykasse tilnærming, eller tool kit approach (Nicolini 2012, s. 239).

### 2.3 Kunnskaping

Teorien om kunnskaping ser på kva som skapar utvikling i ein praksis ved at profesjonsutøvarar i praksisen brukar ulike verktøy i ein felles prosess for å skapa ny kunnskap (Paavola og Hakkarainen, 2005, s. 546-547). Forfattarane ser på kunnskaping, eller den tredje metaforen for læring, som eit naudsynt tilskot til Sfard sine metaforar om læring som *tileigning*, monologisk, og *deltaking*, dialogisk (Paavola og Hakkarainen, 2005, s. 536-537). I læring som tileigning vert i følgje Sfard kunnskap overført til, og skjer i det enkelte individ, uavhengig av kontekst. Læring som deltaking handlar om at individet lærer ved å verta sosialisert inn i eit fellesskap (Sfard, 1998, s. 6-7).

Paavola og Hakkarainen finn dei fyrste metaforane om læring som verdfulle, men likevel for passive, og ser difor behov for eit utvida syn på læring. Nicolini ser teoriar om dialogisk læring, til dømes teoriane til Lave og Wenger 1991 og Wenger 1998, som viktig for forståinga av praksisar, men er også på linje med Paavola og Hakkarainen om at dette ikkje er nok for å forstå dei ulike aspekta ved praksisar og utvikling (Nicolini 2012, s. 94-95). I teorien om kunnskaping, som byggjer på teoretiske bidrag frå Bereiter, Engestrøm og Nonaka og Takeuchi, vert læring sett på som at kunnskap vert til i ein *trialogisk* prosess mellom individ, kollektiv og reiskapar (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 537-540).

Grunnleggjande i teoriar om kunnskaping er i følgje Paavola og Hakkarainen vekta dei har på medierande reiskapar. Kunnskapen til den enkelte vert krystallisert gjennom reiskapar som vitskapeleg og fagleg kunnskap, modellar og planar eller ting som telefonar, kaffikoppar osv. I desse prosessane skjer ein interaksjon mellom kunnskapen til den enkelte og kunnskapen i fellesskapet, og kan slik skapa ei fruktbar utvikling av aktiviteten. Denne interaksjonen er ein prosess som går begge vegar, frå individet til fellesskapet og frå fellesskapet til det enkelte individ, men skjer ikkje utan gode strukturar og stillasbygging (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 546- 547).

Nygaard brukar teorien til Paavola og Hakkarainen om kunnskaping, og teorien til Nonaka og Takeuchi i si doktorgradsavhandling, kombinert med blant anna von Krogh (1998) sin teori om omsorg (Nygaard, 2015, s. 11). Sjølv om Paavola og Hakkarainen ikkje inkluderer teoriar om omsorg i teorien om kunnskaping, peikar dei på at for å få til utvikling og nyskaping er det avgjerande at dei ulike aktørane deler idear med kvarandre. Forfattarane viser til Bakhtin (1981), om at ein kritisk suksessfaktor for å bruke si stemme, som for diakonar i kyrkjelydar i Dnk, er at dei ulike røystene i fellesskapet vert sosialt respektert og anerkjent (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 554).

Tjora si tilnærming i boka *Hva er fellesskap* (2018) ser eg som relevant i denne oppgåva fordi han ynskjer å gje oss eit verktøy til ei større forståing for kva som fremjar fellesskap (Tjora, 2018). Trygge fellesskap er, som i teorien om kunnskaping, ein viktig faktor for kva som skapar moglegheitsrom og utvikling (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 546-547 og 554).

## ***2.4 Fellesskap, integrasjon og interaksjon***

Tjora ser fellesskap både som vanskeleg å skapa og som grunnleggjande for menneske. Hans interesse for korleis ulike fellesskap vert opplevd er blant anna knytt til eigne opplevingar av å vera innanfor og utanfor i ulike settingar frå barndom, ungdom til arbeidsliv i vaksen alder (Tjora, 2018, s. 9).

For å få ei meir nyansert og eksplisitt forståing av omgrepet fellesskap byggjer Tjora både på eiga forskning om ulike arenaer for fellesskap, og sosiologifaget. Fellesskap han har forska på er nærmiljø, kafear, festivalar, kommunikasjonsmediar, organisasjonar og arbeidsfellesskap (Tjora, 2018, s. 7). Det er ikkje rom i denne oppgåva for å bruke heile Tjora si teoretiske ramme for fellesskap, men nokre av områda og omgrepa han viser til, eller har utvikla, kan vera til god hjelp for å sjå på kva som skapar moglegheitsrom i diakonane sin profesjonspraksis. Tjora ser på fenomenet fellesskap frå åtte ulike teoretiske inngongar: samhald, integrasjon, interaksjon,

identifikasjon, kommunikasjon, arbeid og fysisk nærvær (Tjora, 2018, s. 14). Eg har fyrst og fremst valt å ta utgangspunkt i integrasjon og interaksjon.

#### **2.4.1 Integrasjon, om å vera innanfor og utanfor**

Tjora har i si forskning vore på jakt etter korleis randsoner/grenser for fellesskap vert skapte og haldne ved like. Slike randsoner finst i følge Tjora i uendelege variantar frå gode og dårlege utemiljø, mellom sjuk og frisk eller til gode eller dårlege arbeidsmiljø osv. Tjora er særleg oppteken av dei sosiale prosessane bak inkludering og ekskludering, eller kven som er innanfor og utanfor og korleis desse grensene vert skapte, vedlikehaldne eller endra (Tjora, 2018, s. 8-10).

I refleksjonane Tjora har om integrering, innanforskap og utanforskap peikar han på at det er skilnad mellom å koma som ny når dei fleste andre også nyleg er komen til staden, og å koma som ny til ein veletablert stad. I det siste eksempelet vil relasjonen ha lett for å verta asymmetrisk. Denne mekanismen er den same anten det er som innvandrar i eit land, deltakar på ein fest, eller også som ny profesjon i eit etablert arbeidsfellesskap, som nye profesjonar sitt inntog i stabsfellesskapet i kyrkjelydar i Dnk (Tjora, 2018, s. 44).

Diakonitenesta har vore ein del av den kristne kyrkja frå dei fyrste kyrkjelydane vart til. Diakonien er ei omsorgsteneste. Forståing og organisering av diakonitenesta har likevel variert (Jordheim, 2015, s. 244). I følge Tjora vil majoriteten, eller dei som er innanfor, ofte ikkje leggje merke til opplevingane til dei som er utanfor (Tjora, 2018, s. 44). Drøftingar for korleis ein kan innlemma diakonien som ei eiga teneste i kyrkjelydane i Dnk har halde fram til det siste tiåret, og gjort vedtak om på Kyrkjemøtet i 2011 (Den norske kirke, 2011, KM 09/11).

I Nygaard sin artikkel frå 2017 ser ho på underordninga av diakonien og diakonitenesta i Dnk, ved å vise til korleis ho ser på marginalisering. Ho brukar Nissen sin definisjon om



marginalisering som ulike grupper “that social discrimination processes have excluded from the decision-making processes” (Nissen, 2014, s. 32 i Nygaard, 2017, s. 168). Nygaard peikar på at berre ein av 21 medlemmer i komiteen som utarbeidde saka om diakoni til kyrkjemøtet i 2011 var diakon. Denne var også einaste diakon på kyrkjemøtet med 115 medlemmer. I framlegg til vedtak vart diakonen si rolle referert til som *anerkjent* og ikkje som *integrert* i kyrkje og kyrkjelyd. Dette tydeleggjer eit senter som stadfestar ein periferi. Nygaard viser også til at når omsorgstenesta, særskilt retta mot menneske i nød, vert plassert som senter i diakonien, er den på same tid i kyrkja sin periferi fordi diakonien også er plassert i periferien, til tross for at kyrkja vil profilere seg som ei diakonal kyrkje. Det vert slik ei dobbel marginalisering (Nygaard, 2017, s. 171-173).

I følgje Tjora viser Rogstad til at samfunnsdeltaking og integrering kan fremjast ved å mobilisera til engasjement lokalt, med andre i same situasjon. Tjora seier også at deltaking og integrering kan verta fremja ved felles fokus med majoriteten (Tjora, 2018, s. 45).

#### **2.4.2 Interaksjon og integrasjon**

Tjora peikar i si utgreiing om fellesskap på interaksjon som grunnleggjande for å forstå sosiale prosessar, og slik grunnlaget for ei betre forståing av fleire av dei andre felta han undersøker, til dømes identifikasjon og integrasjon. For å undersøkje fellesskap som interaksjon brukar han ei brei sosialpsykologisk og sosiologisk tilnærming (Tjora, 2018, s. 72-73).

Tjora viser til at ein interaksjonistisk inngong til fellesskap «ikke bare innebærer at fellesskap kontinuerlig skapes av dets medlemmer ved deres (for)handlingar, men at (for)handling og sosial interaksjon *er* selve fellesskapet» (Tjora, 2018, s. 48). Nicolini peikar på si side på at ein slik inngong til praksis kan ha lett for å undervurdere dei større linjene i samfunnet si betydning for kva folk gjer, ikkje gjer og korleis dei gjer det, i følgje til dømes Reckwitz (2002) (Nicolini, 2012, s. 41). På ei anna side peikar Nicolini på at interessa til tenkarar i USA alltid i stor grad har vore på handling og praksis, i motsetning til tenkarar i Europa, som i stor grad har vore oppteken med funksjonalistiske og strukturalistiske syn (Nicolini, 2012, s. 41).

I si tilnærming til fellesskap som interaksjon byggjer Tjora i stor grad på den amerikanske sosiologen Randall Collins sin teori om *interaksjonsritualkjeder*. Tjora ser teorien som relevant fordi den med sitt søkjelys på *felles fokus* og *kjenslemessig meddriving* har som mål å utvikla ein detaljert modell for *sosialt medlemskap* (Tjora, 2018, s. 59). Med søkjelyset Tjora har på felles fokus og kjensler for sosialt medlemskap, trass i til dømes Reckwitz sin kritikk av interaksjonisme, ser eg Tjora sin interaksjonistiske inngong for å forstå kva som skapar gode fellesskap, som ei god utfylling av teorien om kunnskaping og eigenskapar ved mediert handling for å opne det empiriske materialet i min studie.

I følge Collins kan sosiale situasjonar med felles fokus bidra til «moments of compelling emotional experience» (Collins, 2004, xii). Desse augneblinka vert som magnetar som bidreg til tilbakekoplingsprosessar og slik verkar sjølvforsterkande (Collins, 2004, xii). Tjora viser til at frå dette perspektivet til Collins er kjensler ei vesentleg kjelde til at samhold, tillit og solidaritet vert utvikla. Det er situasjonane, ikkje individa, som er utgangspunktet (Tjora, 2018, s. 59). Det er ikkje berre er dei enkelte situasjonane kvar for seg som er interessante, men korleis dei kan bidra til *emosjonell energi (EE) gjennom kjedar av interaksjonsritualar* (Tjora, 2018, s. 59-60).

Sjølv om EE er knytt til det enkelte individ vert den løyst ut i sosiale samanhengar, og kan koma til syne som auka solidaritet, høgare moral, men også som makthierarki og konflikt. EE handlar også om at forventningane vert skapte av tidlegare erfaringar, og idear og minne frå desse erfaringane. Tjora har sett dette i si forskning på festivalar. EE aukar ved å vite kva ein skal gjera og ikkje gjera i ein situasjon, som til dømes i diakonane sin profesjonspraksis. Frå forskinga på festivalar såg også Tjora at deltakarar tok med seg kompetanse frå festival til festival, frå eit år til eit anna, og slik fekk dei ulike festivalane til å likna kvarandre (Tjora, 2018, s. 60-61).

Tjora peikar på at Collins i utgreiinga om EE let seg inspirera av Goffmann, som viser til at ein må studera interaksjonen mellom menneske og ikkje det enkelte individ, men også av Durkheim si analyse av heilage objekt. Heilage objekt forstår Durkheim som noko som er høgt verdsett,

har ei emosjonell lading og vert gjeven særskilt merksemd. Personar med særskilt høg EE vil også verta sett på som heilage objekt. Collins ser i følgje Tjora på dette som karisma, og viser til ein samanheng med Weber si skildring av karisma (Tjora, 2018, s. 62). Weber såg i utgangspunktet karisma som eigenskapar ved eit individ, men opna seinare for å knyta omgrepet til emosjonelt innhald i karismatiske augneblink (Lindbekk, 2011 i Tjora 2018, s. 62-63). Karisma kan slik knytast opp mot ritual eller ein situasjon, og korleis ulike individ skapar karismatiske augneblinkar. Slike situasjonsritual, særleg gjentekne, utviklar eit kollektiv medvit om kva som er rett og gale, kven som vert gjeven tillit og gruppedlemskap, og handlar slik også om grenser for kven som er utanfor og innanfor (Tjora 2018, s. 63).

Collin sin teoretiske modell for korleis spiralar av interaksjonsritual utviklar og held ved like samfunn og fellesskap, byggjer i følgje Tjora på bidrag frå Durkheim og hans utgreiing om ritual og den sakrale fasen/ effervesensforsamlingar. I desse samlingane vert det skapt effervesens. Effervesens handlar om å vera opprømt, livslyst, livleg, bobling eller brusing. Vidare peikar Tjora på at Collins byggjer modellen om interaksjonsritualkjedar på Goffmann, som har vore meir oppteken av rituelle trekk ved den sosiale omgangen i kvardagen enn Durkheim. Tjora ser Collins sin modell særleg viktig grunna plassen han gjev smittande følelsar som grunnlag for fellesskap, sjølv om desse følelsane berre skulle finn stad ved særskilte høve (Tjora, 2018, s. 65).

Det er ein vesentleg faktor kor lang tid dei ulike medlemmene brukar i lag. Dette verkar inn på kor sterke kjedar av interaksjonsritual dei utviklar. Nokre medlemmer i gruppa vil slik vera tettare knytt saman enn andre (Tjora, 2018, s. 60). Gjennom desse rekkjene med interaksjonsritual oppstår det i følgje Collins «pockets of moral solidarity» (Collins, 2004, s. 105). For Collins er i følgje Tjora fysisk nærvær eit grunnleggjande premiss for utviklinga av interaksjonsritual i ulike fellesskap, til dømes ein arbeidsplass. Tjora viser på si side til at Collins slik går glipp av å undersøkje samtalerhythmar, eller kollektive ritual mediert gjennom ulike nettbaserte plattformer, som det er mange eksempel på i vår tid. Dette kan ha stor effekt på praksisar (Tjora, 2018, s. 71). Betydninga av denne interaksjonen mellom reiskap, individ

og fellesskap for utvikling av praksis Tjora peikar på her er, som eg har vist til, også kjenneteikn ved prosessar for kunnskaping (Afdal, 2013, s. 200).

Tjora seier at hos han, som sosiolog, har interessa for kva som skapar gode fellesskap skote fart av at han sjølv har opplevd gode fellesskap med bakgrunn i interaksjonsritual som har lukkast, og effervesens som har blitt til i fellesskap/kollektivt (Tjora, 2018, s. 146).

## ***2.5 Ulike eigenskapar ved mediert handling***

Mediering, artefakter og kunnskaping er sentrale omgrep innan praksisteori, og står i tradisjonen etter Vygotskij (Nicolini, 2012, 106-107; Afdal, 2013, 111ff). Fleire bidragsytarar har i følgje Nicolini vidareutvikla tenkinga til Vygotskij, og gjort den tilgjengeleg i Vesten, blant anna Cole, Engestrøm og Wertsch (Nicolini, 2012, s. 103). Afdal peikar på ulike grader av mediering, implisitt og eksplisitt, reiskapar på ulike nivå frå primær til tertiær, materielle og symbolske (Afdal, 2013). Mest interessant for å opne materialet i mi oppgåve er eigenskapane ved mediert handling og medierande prosessar (Afdal, 2013, s.153). Wertsch har ei samanfatning i ti punkt ved mediert handling og kulturelle reiskap han ikkje ser som uttømande, men likevel grunnleggjande eigenskapar (Wertsch, 1998, s. 25). Afdal har modifisert Wertsch sine ti punkt om mediert handling for betre å passe til ei forståing av religiøs læring (Afdal, 2013, s. 154). Afdal si framstilling ser eg som aktuell for ei auka forståing av kva som skapar/skapte mogleighetsrom i diakonane i Dnk sin profesjonspraksis under koronapandemien våren 2020 då dette er ein religiøs praksis. Aktuelt er også at Afdal, som er professor i religionspedagogikk, i følgje Holmquist særskilt har arbeida med sosiokulturelle perspektiv (Holmquist, 2012, s. 18).

Wertsch sitt første punkt viser til spenninga som finn stad mellom aktørar og medierande artefaktar, i følgje Afdal. Dette handlar om å gje liv til artefaktane. Det er til dømes ikkje berre eg som rår over datamaskinen, den rår også over meg. Datamaskinen forsøker å få meg til å fungera og omvendt (Afdal, 2013, s. 154).

I følgje Afdal seier Wertsch vidare at artefaktar inngår i aktivitetar i ein eller fleire praksisar, som har ei retning mot eit eller fleire formål. Til dømes kan det i profesjonspraksisen til diakonane både handla om ideen bak, og konkret om å jobbe for det gode liv i ulike felt. På same tid vil ulik bruk av ulike artefaktar, av fleire og motstridande stemmer heile tida endra retninga og hensikta med praksisen, og slik for eksempel moglegheiter i diakonane sin profesjonspraksis (Afdal, 2013, s. 154).

At artefakter gjev «mulighetsbetingelser» er den tredje eigenskapen Afdal viser til av Wertsch sine ti punkt. «Mulighetsbetingelser» kan både avgrense menneskeleg verksemd og skape nye moglegheiter, og må sjølvsagt, i følgje Afdal, takast i bruk for å skapa moglegheiter (Afdal, 2013, s. 154).

Den fjerde eigenskapen ved mediert handling heng saman med å ta i bruk artefaktane Artefaktar kan berre fungera og gje moglegheiter når dei vert meistra. Å meistra er her ikkje forstått som å ha full kontroll. Afdal viser til at eit viktig poeng hos Wertsch også er at ein ikkje kan analysere artefaktar berre ut frå eit kunde- eller konsumentperspektiv. Artefaktar sitt inntog i praksisen kan ein ikkje fullt sjå for seg resultatet av, og kan opna for forståing av praksisen ein på førehand ikkje hadde sett føre seg (Afdal, 2013, s. 155).

Den femte sida ved mediert handling er appropriering. I mediert handling handlar appropriering om å gjera reiskapar til sine egne, og vert brukt i plassen for internalisering for å vise at reiskapane halvt er eins egne og halvt andre sine. Til dømes kan det handla om å få idear gjennom Facebook, og gjera dei til sine egne (Afdal, 2013, s. 155).

Det sjette punktet og siste punktet Afdal omtalar handlar om makt og autoritet. Afdal peikar på at dette handlar om kven som eig eller har bruksrett til artefaktane, og slik avgjer korleis dei skal verta bruket og kva symbolsk mening dei har. På ei anna side peikar Wertsch, i følgje Afdal, på at skifte av kulturelle reiskap også ofte vil føra til at autoritet og maktrelasjonar vert

endra, og er slik ikkje uløyselig knytt verken til det enkelte individ eller strukturar. Maktforhold kan også verta endra ved å ta i bruk artefaktar (Wertsch 1998, s. 67ff i Afdal, 2013, s. 155).

I samanheng med utgreiinga av mediert handling, er modellen Nygaard utvikla om diakonar si kunnskaping og omsorg i møte med deltakarar aktuell. Nygaard kalla modellen *The creation of spaces of possibilities*, eller skaping av moglegheitsrom (Nygaard, 2015, s. 91-93). *Spaces of possibilities* er eit omgrep Nygaard i utgangspunktet har lånt av Afdal (Nygaard, 2015, s. 88; Afdal, 2013, s. 34-35). Spaces of possibilities ser Afdal på som rom, der eksempelvis diakonane, gjennom ulike aktivitetar og med ulike reiskapar kan utvide deltakarane sine moglegheiter for eit godt liv (Afdal, 2013, s. 34-35; Nygaard 2015, s. 88). Afdal peikar på at det ikkje er likt frå menneske til menneske eller i ulike tradisjonar kva som kjenneteiknar «det gode liv» (Afdal, 2013, s. 34).

Diakonar kan med bruk av ulike reiskapar og aktivitetar opna moglegheitsrom, men dei kan også lukka slike rom, ifølgje Nygaard (Nygaard, 2015, s. 89). Diakonane sitt arbeid for at deltakarane skal ha det bra her og no, og/eller kome der dei ynskjer vil i følgje Nygaard aldri vera ein prosess som går automatisk. Prosessen handlar ikkje berre om avgjersler diakonane gjer ansikt til ansikt med deltakarane, men også kva som er mogeleg i samhengane diakonane og deltakarane er ein del av. Desse samhengane vil alltid vera skiftande og komplekse, og det vil alltid kunna finnast hindringar, i følgje Nygaard (Nygaard, 2015, s. 93). Nicolini viser også til at det er gjensidig påverknad mellom det som skjer lokalt og sentrale føringar. Fenomen i ein lokal praksis kan også verta mediert til andre lokale praksisar (Nicolini, 2013, s. 235 - 236). Desse samhengane mellom det lokale og sentrale, og mellom diakonane sine lokale praksisar, tyder noko både for diakonane sine møte med deltakarar og for å vera inspiratorar for diakonalt arbeid i kyrkjelyd og stab. Dette er viktige aspekt for moglegheitsromma i diakonane sin profesjonspraksis, og er tema eg drøfta funna frå analysen i lys av.

## 3 Metode

Metoden eg har brukt i forskingsprosjektet er tema for dette kapittelet. I fyrste del av kapittelet presenterer eg val av metode og prosjektet sitt vitskapsteoretiske grunnlag. Etter denne presentasjonen skildrar eg prosessen, og dei metodiske og etiske refleksjonar som vart gjort i løpet av prosjektet.

### *3.1 Val av metode og vitskapsteoretisk grunnlag*

Denne studien finn stad innan ein kvalitativ sosial forskningstradisjon og kan beskrivast som ein case-studie (Flyvbjerg, 2011; Thagaard, 2018). Formålet med studien er slik eg peika på i forskingsdesignet å få ei utvida forståing av diakonar i kyrkjelydar i Dnk sin situasjon og moglegheitsrom i profesjonspraksisen.

Å velgje eit case-studie handlar i følge Flyvbjerg meir om å velje kva ein vil studera, enn kva metodiske tilnærmingar ein brukar, som til dømes kvalitativ, kvantitativ, analytisk, hermeneutisk, eller om ein vel å blanda fleire (Flyvbjerg, 2011, s. 301). I denne oppgåva er analyseeininga moglegheitsrom i fem diakonar i Dnk sin profesjonspraksis, med dei fyrste vekene av koronapandemien våren 2020 som case.

I studien min har søkjelyset vore på diakonane sine beretningar frå arbeidskvardagen i kyrkjelydar i Dnk dei fyrste vekene etter landet stengte ned, under koronapandemien våren 2020. Studien gjev slik eit augneblinksbilete frå arbeidskvardagen til desse diakonane. Dette går overeins med kjenneteiknet Flyvbjerg viser til om at case-studiar er intensive, og gjev eit rikare og meir detaljert bilete av det som vert studert, enn til dømes analyser på tvers av einingar. Gjennom intervjuar får me kunnskap om konkrete hendingar/aktivitetar og reiskap som vart brukt, og samspelet mellom dei involverte, og slik kva som skapar utvikling, som følge Flyvbjerg er eit tredje kjenneteikn ved case-studiar. Eit fjerde kjenneteikn er fokuset på eininga

som vert studert sine relasjonar med omgjevnadane, som også er tema diakonane viser til (Flybjerg, 2011, s. 301).

Bilete som trer fram gjennom intervjuar med diakonane ser eg, som eg har vist til, også i lys av at det dei seinare åra er kommen forskning som skildrar spenningar mellom at Dnk peiker på diakonien og diakonitenesta som sentral for kyrkja sin identitet, og korleis diakonar opplever å vere diakonar i kyrkjelydar og moglegheitsrom i arbeidskvardagen. Studien søker slik å forstå sosiale fenomen og utforska kompleksiteten i sosiale liv, som Thagaard viser til er kjenneteikn ved kvalitativ forskning (Thagaard, 2018, s. 15- 17).

Interessant i tråd med argumentasjonen over er ei referering Flybjerg har av Richard Rorty, der Rorty påkallar John Dewey med å seie: «the way to re- enchant the world...is to stick to the concrete» (i Flybjerg, 2001, s. 136). Dette er også eit syn som, slik eg ser det, går overeins med praksisteori som er ein gjennomgåande tråd i denne studien (Sjå kapittel 2).

I studien har eg nytta delvis strukturerte intervju, for slik å få fram diakonane sine erfaringar med fenomenet for undersøkinga (Thagaard, 2018, s. 91). Ved å bruke opne spørsmål til dømes, «Kva skjedde på din jobb i veka restriksjonane med koronapandemien vart sett i verk? Kva vart annleis? Korleis erfarte du det?», fekk intervjupersonane fortelja med eigne ord om sine erfaringar. Å få fortelja med eigne ord ser eksempelvis Anker som viktigare enn kva form intervjuet har, til dømes fenomenologisk eller narrativt (Anker, 2019, s. 37).

Thagaard peikar på intervju som særskilt eigna for å få vite noko om korleis dei som vert intervjuar forstår, eller opplever sine omgjevnadar og seg sjølv. Thagaard viser også til at det i metodelitteratur vert drøfta om studiar der ein observerer menneske sine handling rangerer høgare, enn intervjustudiar (Thagaard, 2018, s. 53). Ei slik rangering finn ein til dømes hos Nicolini, i utgreiingane han gjer om praksisteori (Nicolini, 2012, s. 12). Observasjon var på grunn av smittevernreglar ikkje aktuelt å bruke under koronapandemien. For min studie ser eg



det difor interessant til dømes at Thagaard gjev motargument til ei slik rangering av observasjonar av handlingar, over det som vert fortalt i intervju, ved å vise til Atkinson et al, som både ser data frå observasjonar og intervju som sosiale handlingar (Thagaard, 2008, s. 53). Skal handlingane verta forståelege må dei snakkast om, og intervju ser Atkinson et al som sosiale handlingar fordi dei som vert intervjuet set ord på sine erfaringar, i interaksjon med den som intervjuar (2003, s. 97-117 i Thagaard, 2008, s. 53). Flyvbjerg viser på si side til at forteljing er ein eldgammal metode, og kanskje den mest grunnleggjande for å gje mening til våre erfaringar. Ved å spørje korleis og slik få forteljingane om konkrete situasjonar kan ein etterpå med tolking utvikle forståingar og forklaringar av desse situasjonane (Flyvbjerg, 2001, s. 136-137). Søkjelyset må vera på daglegdagse aktivitetar og praktisk kunnskap i desse situasjonane i følgje Flyvbjerg. Å undersøkje aktivitetar i kvardagen viser Flyvbjerg til at ein kan gjere med etnografiske studiar, men slike studiar er ikkje naudsynt så lenge fokuset er på hendingar i daglege praksisar (Flyvbjerg, 2001, s. 134).

Intervjupersonane/diakonane si forståing eller observasjonar må i følgje Thagaard verta tolka i lys av dei kulturelle og sosiale rammene personane som vert studert er ein del av, då det er denne samanhengen intervjupersonane plasserer sine forteljingar ut frå (Thagaard, 2018, s. 53). Dette går også overeins med at Brinkmann med Butler peikar på at den som er intervjuet ikkje sjølv ser heile bilete av krefter som formar han, og situasjonen han er i. Brinkmann peikar også med Butler på at fenomen i verda sjeldan er einstemmige, og difor treng tolking (Brinkmann, 2017, s. 581).

Interessant for diakonane sine moglegheitsrom er også, som Flyvbjerg viser til med Mattingly, at å fortelja om erfaringar kan vera til hjelp for å sjå ulike alternativ for framtida (Flyvbjerg, 2001, s. 137). Dette er også på linje med Brinkmann som peikar på at intervjupersonen ved å verta intervjuet kan få eit utanfråblikk på situasjonen. Dette kan gjera at den som vert intervjuet ser saka si frå nye vinklar (Brinkmann, 2017, s. 583). Ei lekse å lære av Sokrates er i følgje Brinkmann at det ikkje er å søkje etter endelege svar som er målet med intervju, men å fortsetja dialogen (Brinkmann, 2017, s. 592).

## *3.2 Forskingsprosessen og vurderingar undervegs*

### **3.2.1 Utval**

Som eg har vist til i innleiinga var tidspunktet då koronapandemien slo til for fullt samanfallande med at eg nett hadde byrja arbeidet med korleis eg skulle gå fram for å undersøkje diakonar sine opplevingar av moglegheitsrom i profesjonspraksisen. I utgangspunktet var tanken å få med diakonar i ulike delar av landet i studien. På dette tidspunktet hadde eg fått godkjenning frå Norsk senter for forskingsdata (NSD) til studien, og også vore i kontakt med eit par diakonar, for å høyre om dei kunne vere interessert i å stille til intervju, noko dei var. Som eg også viste til i innleiinga kom ideen om å undersøkje diakonane om erfaringane frå tida med koronapandemien på bakgrunn av synet praksisteori har på rutinar og struktur, og at brot i rutinar kan endra på strukturar, slik til dømes Reckwitz viser til (Reckwitz, 2002, s. 255).

Etter dette kontakte eg på nytt diakonane som hadde takka ja til å bli intervjua for å informere om at eg tenkte å endre prosjektet til å handle om erfaringar av moglegheitsrom i profesjonspraksisen, med koronapandemien som case, og difor måtte søkje NSD om endring av prosjektet før dei kunne bli intervjua. Diakonane var framleis interessert i å bli intervjua. Eg meldte inn endring av prosjektet til NSD og fekk positivt svar 3. april. Som ei førebuing til intervjua vart diakonane også bedne om å skrive ein logg for dei fyrste fjorten dagane etter landet stengte 12. mars. Loggen var også godkjent av NSD 3. april. I loggen var desse punkta: Moglegheiter, utfordringar, kva som vart gjort og korleis, og om du samarbeida med nokon, feks stab eller andre, og anna.

Dei tre neste som vart rekruttert til å verta intervjua kom til etter eg skulle avtale tid for intervju med ein av diakonane som var rekruttert. Denne diakonen sa at ho hadde vore på møte med dei andre diakonane på Teams tidlegare same dag, og hadde då snakka om studien min og loggen. Av dei som var på møte var det nokre som var positive til loggen og studien. Eg kontakta desse diakonane same dag, og dei svarta ja. Diakonirådgjeveren tok også kontakt med meg for å høyre om han kunne sende loggen til alle diakonane og diakoniarbeidarane i bispedøme, ikkje for at

dei nødvendigvis skulle sende den tilbake til han, men like mykje for sin eigen del. Ein av diakonane eg skulle intervju trekte seg etter eit par veker, på grunn av sjukdom. Eg kontakta då diakonirådgjeveren for å høyra om han kunne sende ut ein førespurnad til alle diakonane i bispedøme, om nokon var interessert i å stilla til intervju. Etter denne oppfordringa fekk eg ein diakon til som kunne tenke seg å bli intervju. Denne diakonen hadde då allereie fått loggen frå diakonirådgjeveren. Til saman vart det fem diakonar som takka ja. Ein kan seie at utvalet var strategisk ved at det var basert på personar med relevant kvalifikasjon. På same tid vart det også snøballmetode, for raskt å komma i kontakt med diakonar som kunne tenke seg å vere med, og slik også eit utval med bakgrunn for kva som var tilgjengeleg (Thagaard, 2018, s. 56)

Diakonane vart intervju i perioden midten av april til siste del av mai 2020. På tidspunktet for intervju var det ikkje nokon som visste kor lenge pandemien kom til å vare, men at det skulle gå over eit år og at me framleis ikkje veit heilt kor lang tid det tek før me kan seie at den er over, hadde vel få sett for seg i april/mai 2020. Det som vert sett lys på i mi oppgåve er korleis diakonane opplevde overgangen frå normal drift, til at omtrent heile Norge over natta vart stengt ned. Studien seier slik ikkje noko om erfaringar diakonane har gjort resten av dette året med koronapandemien.

Alle intervjupersonane vart informerte om at studien var søkt om godkjenning til hos NSD fordi dette er ein studie der det for å ivareta intervjupersonane sin anonymitet er konsesjons- og meldeplikt (Norsk senter for forskingsdata, 2021). Alle intervjupersonane fekk deretter tilsendt ein samtykkeerklæring, som vart underskrive. Diakonane vart også informert munnleg i forkant av intervjuet om at dei kunne trekkje seg frå intervjuet og studien om dei ynskte, og at det vart gjort lydopptak av samtalan. Det innsamla materialet vart anonymisert, og diakonane omtalt som D1-D5, og ved bruk av pronomenet ho. Stadnamn er ikkje tatt med, heller ikkje namn på arbeidsstad. Namn på prosjekt diakonane er aktive i er også anonymisert (Thagaard, 2018, s. 204ff).

Diakonane som takka ja, har arbeidd som diakonar frå 4 til om lag 10 år. Tre av diakonane er kvinner og to menn. Diakonane har ulike grunnutdanningar, nokre har master i diakoni og nokre var utdanna før kravet om master kom. Diakonane har arbeidsstad i sokn lokalisert i tettstad, by og meir landlege strøk. Nokre av stillingane er knytt opp ungdom, andre meir mot sorgarbeid, og det er også eksempel på at arbeidet strekk seg i frå ungdom til eldre, sorg, menneske som har utfordringar med rus, osv.

### 3.2.2 Intervjua

I situasjonen med koronapandemien var det ikkje mogeleg å møtast ansikt til ansikt grunna smittevernreglar. Intervjua med diakonane vart difor gjort med telefon som reiskap, etter fyrst å ha vurdert videointervju over internett. Videointervju vart utelukka etter samtale med NSD, grunna usikkerheit rundt internetthandtering og anonymitet. Ved å verta intervju på telefon valde diakonane sjølv kor dei var under intervjuet, som til dømes Thagaard viser til kan gjera intervjupersonen tryggare i situasjonen (Thagaard, 2018, s. 100). På ei anna side vil ein ved telefonintervju, på same måte som intervju over internett, ikkje møte kvarandre ansikt -til ansikt. Når ein ikkje møter kvarandre ansikt til ansikt peikar Thagaard på at intervjuar til dømes ikkje vil kunna gi intervjupersonane positive tilbakemeldingar med kroppsspråket, eksempelvis eit smil. Å ikkje sjå kvarandre kan også gjera det meir utfordrande å tolke utsegna til den som vert intervju (Thagaard, 2018, s. 111). Ei anna utfordring var at eit par av diakonane opplevde noko dårleg lyd under delar av intervjuet. Eg ser dette i tråd med om Brinkmann viser til at kvalitative intervju handlar om meir enn relasjonen mellom intervjuar og den som vert intervju. Stad og materiale er også viktige faktorar (Brinkmann, 2017, s. 595).

Intervjua varte i frå 60 til 90 minuttar. Alle diakonane fekk dei same spørsmåla i nokolunde same rekkjefølge. Den ulike lengda på intervju handla blant anna om at spørsmåla vart stilte som opne spørsmål, for slik best mogleg å få fram diakonane sine erfaringar, og ikkje avgrensa svara. På same tid spurte eg også etter konkrete hendingar for å forstå diakonane sine erfaringar i lys av desse hendingane. Det vart vidare stilt spørsmål for å undersøkje om eg hadde oppfatta intervjupersonane rett. For eksempel vart det stilt spørsmål som; forstår eg deg rett når..., du seier at.... (Thagaard, 2018, s. 97). Eg gav også positive tilbakemeldingar som til dømes, så

fint, spennande, fortel meir og utfordra ikkje intervjupersonane på eventuelle motstridande utsegn osv., som Thagaard med Rubin og Rubin viser til kan skapa tillit og gjensidigheit og gje den som vert intervjuar ei oppleving av kontroll (Thagaard, 2018, s. 93).

Intervjuguiden var retta mot den aktuelle situasjonen og inspirert av praksisteori sin måte å forstå oss sjølv i verda på (sjå teori, kap. 2). Det vart ikkje tatt mange notat undervegs i intervjuar, men skriva ei oppsummering og oppfatningar av intervjuar i etterkant av kvart intervju.

Intervjuar vart tatt opp på diktafon. Det var god lyd på opptaka, men noko ulikt kor godt det var å forstå det som vart sagt. Eg brukte øyreklokker under transkriberinga, og alt som vart sagt notert ned ordrett. Nokre gongar spola eg fram og tilbake fleire gongar for å få rette notat. I analysen har eg likevel valt for å anonymisere ikkje å bruke dialektord, men oversett sitata til bokmål. Eg har også fjerna nokre eh, hm osv (Thagaard, 2018, s. 205-207).

### ***3.3 Om studien, teori, material og metode***

Thagaard viser til at både intervjuaren sine erfaringar, oppfatningar og forskingsbasert kunnskap har noko å seie for kva han spør om, vel ut data og korleis desse vert presenterte. Som eg har vist til jobbar eg som diakoniarbeidar i fleire kyrkjelydar. Eit innanfrå-perspektiv kan i følgje Thagaard på den eine sida hjelpe meg til å forstå diakonane si situasjon. På ei anna side kan nyanser som ikkje går overeins med mine egne forsvinne ut av synsrande (Thagaard, 2018, s. 190).

Som eg har vist til starta prosessen for studien med at eg ynskte å undersøkje diakonane sin situasjon og moglegheitsrom i profesjonspraksisen i kyrkjelydar i Dnk. Tidlegare empirisk forskning på diakonane sin profesjonspraksis og praksisteori var til dømes med å forma problemstillinga. I arbeidet med analysen jobba eg lenge med å få ein oversikt over det empiriske materialet. Fyrst las eg gjennom dei transkriberte intervjuar fleire gongar, og skreiv

kommentarar i ei kolonne ved sida av for å finne tema som skilte seg ut. Etterkvart farga eg materialet etter kodane som kom fram i kategoriane opnarar og hindringar for moglegheitsrom. Etter dette gjorde eg også ei samanfatning av dei fem intervjua. På denne måten forsøkte eg å få ein oversikt over materialet som Anker viser til som kondensering eller fortetting (Anker, 2020, s. 73-74).

Kodane kom til, eller vart forma, i ein kombinasjon ved å studere materialet og spisse desse med den teoretiske ramma. Kodane som kom fram var synleggjering, melde seg på, samhandling, reiskap og stad i ulike felt diakonane viste til, som var: stab, kyrkjelyd, råd og utval, kyrkja regionalt/sentralt, andre diakonar, lokalsamfunn, frivillige og deltakarar. Sjølv om eg hadde funne desse kategoriane og kodane var biletet likevel noko diffust. Ved å leggja aktuelle fargekoda sitat frå interjuva med diakonane inn i ein tabell kom det fram eit litt anna, eller tydelegare bilete, enn eg såg ved å fargekode intervjua kvar for seg. I tabellen vart dei fargekoda sitata lagt inn under felte hindringar og opnarar for moglegheitsrom til vanleg og under koronapandemien, i dei ulike område diakonane viste til i sin profesjonspraksis. Biletet eg såg ved å leggja dei fargekoda sitata frå dei fem intervjua inn i tabellen vart likevel ikkje tydeleg for meg før eg hadde tabellen liggjande på bordet, og kunne sjå korleis det fargekoda materialet fordelte seg under opnarar og hindringar, før og under koronapandemien, i dei ulike felte. Etter denne prosessen fann eg det relevant å supplere Paavola og Hakkarainen sin teori om kunnskaping og teorien om mediert handling med ein teori om prosessar for gode fellesskap. Forskingsprosessen i denne studien kan i tråd med argumentasjonen beskrivast som eit samspel mellom teori, materiale og metode eller som ei sirkulær rørsle mellom disse, slik eg ser det, og som ifølgje Anker kan sjåast på som ein abduktiv analyse (Anker, 2020, s. 79-80).

I studien er det brukt sitat frå intervjupersonane, men det er eg som forskar som står ansvarleg for tolkinga av materialet, ved bruk av den teoretiske ramma og korleis materialet vart presentert. Sjølv om det er mine tolkingar har eg på same tid hatt søkjelys på å få fram intervjupersonane sine refleksjonar og beretningar (Thagaard, 2018, s. 196-198).

## 4 Presentasjon av det empiriske materialet

I presentasjonen av det empiriske materialet brukar eg forskingsspørsmåla, om korleis diakonane erfarte samhandling og bruk av reiskap under koronapandemien våren 2020, for å setja lys på moglegheitsrom som vart opna og hindra i diakonane sin profesjonspraksis i denne tida. Nokre moglegheitsrom vart stengt. I tida under koronapandemien var det til dømes ikkje mogeleg å møte frivillige, deltakarar eller kollegaer som vanleg. På same tid som noko vart hindra er det interessant å sjå om det under koronapandemien vart opnarar som ikkje har vore der tidlegare, eller om diakonane har fått auge på moglegheiter som eigentleg har vore tilgjengeleg, men som dei ikkje har sett som aktuelle. Det er også interessant å sjå om diakonane under koronapandemien vart meir merksame på eller gjorde seg refleksjonar rundt utfordringar i profesjonspraksisen til vanleg. Forsking har peika på at stabsfellesskapet kan opplevast som utfordrande for diakonane for utøvinga av arbeidet, jamfør til dømes Nygaard (2015). Det vert difor særskilt interessant å sjå korleis diakonane opplevde moglegheitsrom i arbeidet i stabsfellesskapet under koronapandemien, om det er fleire opnarar og andre opnarar enn før. Det vert også interessant å sjå om diakonane har brukt moglegheitene som var der, eller tatt ned «ballane» dei såg.

I diakonane sin profesjonspraksis er det eksempel på at både kven dei samhandlar med og korleis samhandlinga fann stad endra seg i aktivitetar som vart oppretthaldne eller starta. Vidare vil eg med sitat frå diakonane gje eksempel på kva dette handlar om. For å svare på forskingsspørsmåla er søkjelyset i det fyrste kapittelet på samhandling når rutinar vert endra, med vekt på stabsfellesskapet. Deretter ser eg særskilt på rolla reiskap spela i diakonane sin profesjonspraksis. Siste del av analysen handlar om diakonane sine møte med andre diakonar, frivillige og deltakarar på nye plattformer.

## 4.1 Samhandling når rutinar vert rokka ved

Diakonane eg intervjuar viser til ulike erfaringar og refleksjonar i samband med at dei måtte møte både deltakarar, frivillige og andre aktørar dei samhandlar med i det diakonale arbeidet på andre måtar enn vanleg då koronapandemien slo over oss. Det fyrste som skjedde var at diakonane måtte avlyse planlagde aktivitetar, og som mange andre installere seg på heimekontor. Mykje av aktiviteten måtte finna stad på plattformer som Teams, Zoom, Messenger, Facebook osv, og ikkje ansikt til ansikt.

Samhandling er eit gjennomgåande tema i materialet. D4 seier ho til vanleg opplever eit godt samarbeidsklima i staben. Ho seier: «til vanlig da så opplever jeg at det er godt samarbeid og støtte i staben og hos min nærmeste leder», og seier vidare:

Det er litt paradoksalt egentlig, men vi har gjort mer ting felles nå i koronatiden enn før og det er tatt flere avgjørelser felles i staben, der alle er med da. Vi har hatt mer stabsmøter. Vi pleier å ha stabsmøte hver tirsdag morgen og da helt i den aller første uken så ønsket hun som er vår daglige leder å ha et sånt møte på telefon eller Teams hver dag da. Det ble begrenset til hver torsdag. Vi har to møter i uken i staben og hatt veldig mye i lag alle sammen. (D4)

Ved at staben møtte kvarandre oftare i tida med koronapandemien har i følgje D4 «gjort at vi har samarbeidet mer også, og om flere ting da». Collins peikar på at å bruke tid saman er eit viktig grunnlag for å utvikle interaksjonsritualkjedar, i følgje Tjora. Denne staben fekk som sitatet viser meir tid saman under koronapandemien. Staben både snakka meir saman og gjorde fleire ting ilag, og begge deler er viktige element for å skapa interaksjonsritualkjedar. Gjenteke augneblink/situasjonar med positive kjensler, både ved særskilte aktivitetar og i den daglegdagse samtalen, legg grunnlag for å utvikla samhald, tillit og solidaritet (Tjora, 2018, s. 59ff). Delar av dette sitatet frå D4 har eg valt som underoverskrift fordi det var overraskande at dette skjedde, og eksempel på at endra rutinar kan endra strukturen i ein praksis. I tilfelle til D4 la denne endringane i rutinar grunnlag for interaksjonsritualkjedar ved at staben brukte meir tid saman.



D3 opplevde den fysiske avstanden frå staben som ein timeout. Å ikkje vera på same stad gav D3 moglegheit til å reflektere over eigen arbeidssituasjon på ein annan måte enn til vanleg. Med denne avstanden kom det fram fleire ting D3 ynskte å gjera noko med og tankar om korleis få det til: «Jeg har fått litt avstand til ting, ved å ha være vekke fra kontoret så har jeg fått mer overblikk, og ja over en del ting som har gjort at jeg har tatt noen grep, faktisk inn mot lederen min, ting jeg vil ta opp. Litt strukturer og sånn ja i forhold til meg som diakon». Stabsmøte var noko D3 såg utfordringar med. D3 seier ho på det jamne opplever stabsmøta som ei kjelde til frustrasjon og viktig for ho å gjera noko med. Ho seier: «Hvordan kan det ha seg at diakonen ikke får taletid på stabsmøte?» D3 har tenkt på måtar å løyse det på: «Nå når jeg har vært litt frustrert på avstand. Så har jeg tenkt at visst disse grepene gjøres så vil det lette noe av min frustrasjon» [...] «denne tiden er en gevinst for meg». I følgje D3 er det mykje merksemd på trusopplæring og prestane sine aktivitetar i stabsmøtet. D3 seier: «Hvorfor skal de få mest tid og hvorfor er det alltid kateketen eller daglig leder eller soknepresten som leder de møtene? D3 seier vidare: «Så jeg begynte med å ta tak i dette med at hvorfor jeg får så liten tid på de møtene. For ofte da jeg først ønsker ordet for det at det er masse viktige saker så er det enten ikke tid eller så blir jeg liksom hysjet ned». Det verkar som at stabsmøta er eit sårt punkt for D3 fordi ho her så tydeleg opplever liten interesse for diakonen sitt fagfelt og profesjonskunnskap hos dei andre i staben. D3 viser også til at ho er åleine som diakon medan det er fleire prestar og trusopplærarar.

I teorikapittelet viser eg til Tjora sine tankar om integrasjon og interaksjon og faren for asymmetriske relasjonar når t.d. nye profesjonar skal inn i allereie etablerte stabsfellesskap. (Tjora, 2018, s. 44). Nicolini viser også til at i aktivitetane i ein praksis kan det førekomma diskriminerande forhold som er vanskeleg å få auge på fordi dei er blitt ein naturleg del av korleis ting heng i hop (Nicolini, 2012, s. 3 og 6). Til samanlikning er i følgje teorien om kunnskaping ein god struktur og opplevd støtte frå dei andre i fellesskapet avgjerande for at interaksjon mellom den enkelte profesjonsutøvar sin kunnskap og kunnskapen i fellesskapet skal kunne skje, og slik kunne skape ei formålstenleg utvikling (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 546). Då korona kom og braut den daglege rutinen vart det for D3 skapt rom til å reflektera over lukkarar for profesjonspraksisen, og om korleis skapa endring. Dette går overeins med

Reckwitz sitt syn om at strukturar er mellombels. Når rutinar vert brotne kan det opne seg rom for endring (Reckwitz, 2002, s. 255).

D1 opplever både staben og soknerådet si forståing av kva diakoni handlar om som utfordrande. D2 seier ikkje som D3 noko om rom for refleksjon ved fysisk avstand frå staben, men når eg spør om moglegheiter og utfordringar i denne tida seier D2 blant anna at møta med staben er utfordrande:

... spesielt så er det utfordrende kanskje å møte den gruppen som står sterkest på en måte [...]. De virker så veldig bevisst sin egen rolle. Jeg tror vi har snakket om sånne ting tidligere på fagdager for diakoner, at en ser at de har en veldig god identitet i tjenesten sin, mens jeg opplever at vi andre, at jeg for min del må liksom prøve å henge meg på å liksom være synlig. (D2)

I det D2 seier ser me også at nokre grupper tek meir plass enn andre.

D2 opplever også at prestane har søkt meir mot kvarandre i denne tida. Ho seier:

Jeg syns det har vært tydeligere at prestene har søkt mot hverandre. De spiller på lag og de har liksom full forståelse seg imellom om at dette er mulig, dette gjør vi, og det er på en måte litt avgrensa oppgaver, på ett vis så er det jo det, mens jeg som diakon er aleine her, så jeg kan på en måte flyte litt midt imellom, jeg kan gå inn i det gudstenestelige det som har med presten sine oppgaver å gjøre sant og så kan jeg på andre siden gå helt over og forholde meg bare til frivillige, det er ikke så definerte oppgaver sant. Det vil jo variere fra uke til uke kanskje, eller over tid sant, sånn at det er mye større variasjon i det, og jeg har jo på en måte ingen å spille på lag med anten...(D2)

D2 uttrykkjer behov for ein-til-ein dialog i staben: «...du er då prisgitt at for eksempel en anna i staben då kanskje kan spille litt ball ... den ene spesielt kanskje. Det vil jo hjelpe». Den uklåre rolla der oppgaver ikkje er klart definert før diakonane vert tilsett i stillingane gjer, i følgje Nygaard, at diakonane sin profesjonskunnskap har lett for å verta usynleg og vanskeleg å forhandla i arbeidsfellesskapet. Dette gjer òg diakonane avhengig av ein-til-ein dialogar. Dette

gjer igjen diakonane si kunnskapsutvikling særleg sårbar i arbeidsfellesskap med låg grad av omsorg og asymmetriske maktrelasjonar. I følgje Nygaard kan det å verta brukt tid på i ein-til-ein relasjonar også innebere at det som verkar å vere omsorg kan vere ein måte å oppnå makt (Nygaard, 2015, s. 144). D2 si oppleving i møte med staben kan også sjåast på som eit eksempel på dette med å vera i mindretal og at majoriteten har lett for å vera seg sjølv nok og gløyme korleis mindretalet opplever ein praksis, slik Tjora viser til (Tjora, 2018, s. 44). Ein anna D2 viser som aktuell å kaste ball med er diakoniutvalet, men utvalet var nytt og fekk ein forseinka oppstart på grunn av koronapandemien. D2 opplever det som eit sagn å ikkje ha fått samla diakoniutvalet. Å lage seg mindre innanforskap med andre enn dei som representerer den etablerte majoriteten er i følgje Tjora ein vanleg mekanisme om ein ikkje opplever seg integrert i det store fellesskapet (Tjora, 2018, s. 44).

D5 opplever at i deira stab kan ein ta opp med kvarandre det dei opplever som utfordrande, og at dei drar i same retning både til vanleg og no. D5 er i intervjuet ikkje oppteken av utfordringar i møte med staben, men å vise til kva dei i staben gjorde saman for å møte situasjonen under koronapandemien på ein best mogleg måte. Ho seier: «...og så er det veldig sånn at vi har en veldig vi-følelse og vi snakker ut med hverandre når det er noe som vi trenger å snakke ut om, og det er en veldig viktig ting. Dette gjør vi sammen. Det er den holdningen i staben vår. At vi prøver å dra i en retning». (D5)

I sitatet over seier D5 at dei snakkar saman og gjer ting i lag. Dette kan samanliknast med at kollektiv effervesens eller smittande kjensler ikkje berre vert skapt ved særskilte høve, men også i samtaleritual i kvardagen (Tjora, 2018, s. 65). I denne staben verkar terskelen å vera låg for å snakke saman om utfordringar, og løyse desse i lag. Særleg viktig i Collins si framstilling er i følgje Tjora vekta Collins har på smittande kjensler som vert skapt i interaksjonsrituala, og korleis desse kjenslene dannar grunnlag for samhald og auka tillit (Tjora, 2018, s. 65). Å meistre utfordringar saman, slik D5 erfarer i sitt stabsfellesskap, skapar positive minner som i følgje Collins aukar deltakarane sin emosjonelle energi. EE smittar mellom deltakarane, eller her medlemmene i staben, og kjem til syne som tru på at ein kollektivt i møte med liknande utfordringar har kompetanse til å meistre desse (Tjora, 2018, s. 61). Samhald og tillit er også

ein sentral faktor for kunnskaping. Skal kunnskaping skje er det avgjerande at dei ulike aktørane i fellesskapet vert respektert og anerkjent slik at dei kjem på banen med si røyst (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 554). Dette går også overeins med Nygaard sine funn om at potensialet for kunnskaping vert redusert i praksisar med låg grad av omsorg, som ho viser til kjenneteikna arbeidet i stabane i kyrkjelydane ho studerte (Nygaard, 2015, s. 124).

I samanheng med å bruke stemma si i fellesskapet som ein viktig faktor for kunnskaping er også D2 sin uttale om kva grunnutdanninga betyr interessant. D2 seier at ho opplever det som utfordrande å møte dei andre i staben særleg no under koronapandemien, men på spørsmål om kva grunnutdanninga betyr i møte med dei andre i staben seier D2:

Jeg tenker hvertfall at den grunnutdanningen jeg har, for meg har den vært utrolig viktig og veldig god, den ga meg et veldig godt grunnlag, og noen ganger i stabssammenheng så skyter jeg kanskje inn og sier at nå våkner sosialarbeideren i meg. Og det tenker jeg er veldig okei, det skal aksepteres tenker jeg fordi det er et av grunnlagene for at jeg er den jeg er i stillingen min. Det legger jeg ikke skjul på. (D2)

Vitskapleg og fagleg kunnskap eller epistemisk kunnskap vert til samanlikning også sett på som ein viktig del av kunnskaping (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 546- 547). D2 viser her til at grunnutdanning gjev ho styrke til å bruke stemma si inn i stabsfellesskapet. Moglegheitene ulike reiskap skapar, som diakonen sin profesjonskunnskap frå grunnutdanninga, vert realisert gjennom bruk, i følge Afdal i hans modifiserte framstilling av Wertsch (1998) si drøfting av eigenskapar ved mediert handling (Afdal, 2013, s. 154). Afdal peikar også med Wertsch på at det er når artefaktene vert meistra dei skapar nye moglegheiter (Afdal, 2013, s. 155).

Eit felt for samhandling som vart annleis under koronapandemien, og fleire av diakonane viser til, er planlegging og gjennomføring av gudstenester. Eg tenkjer diakonane sine forteljingar rundt dette arbeidet er interessant fordi det seier både noko om hindringar og opnarar for moglegheitsrom før og no, og om å vere *på*. I desse fyrste vekene under koronapandemien var det ikkje mogeleg å samlast til gudsteneste i kyrkja. Det som var mogeleg var gudstenester på nett, og mange kyrkjelydar rundt om i landet laga til slike gudstenester. Rutinane rundt

planlegging av desse gudsteneste på nett vart annleis enn planlegging av gudstenester elles, og gav litt ulike utslag for diakonane. Nedanfor gjev eg eksempel på korleis samhandling arta seg for nokre av diakonane i dette gudstenestearbeidet.

Fleire av diakonane seier at dei til vanleg ikkje er så ofte med i gudstenesta. (D1, D5, D3, men også D4 og D2). D5 seier til dømes at det ikkje er ofte ho har oppgåver i gudstenesta til vanleg og heller ikkje har delteke aktivt i gudstenester no under koronapandemien, men seier at sjølv om ho ikkje deltok aktivt i gjennomføringa har ho no under koronapandemien vore ein støttespelar for dei andre i staben ved produksjonen av desse gudstenestene på nett.

D2 seier på si side at i påskehøgtida skulle ho i utgangspunktet ha teneste ved fleire gudstenester, men seier at «når vi ikkje såg kvarandre på kontoret og kunne stikke innom til kvarandre» måtte ho minne dei andre i staben på at diakonen skulle vere med i gudstenestene. D2 opplevde å ikkje verta inkludert med arbeidsoppgåver i gudstenesta ho i utgangspunktet skulle vera med på og opplevde det som litt *leit*.

...jeg måtte melde meg veldig aktivt på for å være med, selv om jeg var satt opp på gudstjeneste og skulle delta og ha tjeneste, så måtte jeg ta ganske sterkt initiativ selv og si at jeg er med og vil gjøre en tjeneste», for prestene de er flere og de snakke sammen og har sine egne møter og så når du kommer litt sånn langt ut i planleggingen, så ikke sant, så kommer organisten og kirketjeneren inn og kanskje diakonen, jeg fikk egentlig noen erfaringer av ut av syne ut av sinn på en måte (D2).

D2 seier det er lettare å verta inkludert i arbeidsoppgåver når faggruppene er lokalisert på same stad, men brukar framleis uttrykket *å melde seg på*. D2 seier også at «jeg har på en måte hatt mange runder med meg selv og tatt bestemmelser på at jeg må ta initiativ, at jeg må på en måte melde meg på og si her er jeg, og det er ganske vanskelig for meg, men jeg tenker at det er rett å gjør det i forhold til diakonien». Her ser me igjen eksempel på at majoriteten lett kan gløyme mindretalet og kanskje enda lettare ved ikkje å vera lokalisert på same stad (Tjora, 2018, s. 44). Sjølv om det ikkje er enkelt for D2 er ho likevel på ballen og melder seg på, og seier ho gjer det for diakonien.

D4 viser til at det før koronapandemien har vore vanskeleg å finne si rolle som diakon sjølv om ho seier at «det absolutt er en diakonal bevissthet i menigheten og i staben og alt». Likevel seier D4 at «jeg har jobbet en del med å finne min rolle da». Meir samarbeid under koronapandemien gjorde at D4 fekk nye og meir definerte oppgåver: «litt sånn at en gjorde ting som en ikke pleide å gjøre». Å vera meir med i gudstenestearbeid er eit av eksempla D4 viser til som nye oppgåver og vert beskrive nærare i neste kapittel. Som i eksempelet med D3 kan ein seie at brot i rutinar opna for endring (Reckwitz, 2002, s. 255). At D4 vart gjeven nye arbeidsoppgåver då staben var meir saman kan kanskje også handla om auka tillit. Tjora peikar på at å vera meir saman bidrar til auka tillit og forståing (Tjora, 2018, s. 59-60 og 65). Han gjev også eksempel på at tett samarbeid bidreg til høg tillit, gjennom studiet han gjorde av arbeidet ved AMK-sentralar. Ved AMK-sentralene var det komplekse arbeidsoppgåver. Ein suksessfaktor i tillegg til ei mengd teknologiar og metodar var at operatørane, som kom frå ulike faggrupper, ved å tilbringa tid saman la grunnlag for kontinuerleg informasjonsdeling og slik auka tillit (Tjora, 2018, s.102-103).

**Samanfatning:** På same tid som fleire av diakonane opplever utfordringar med si rolle, viser sitata over at diakonane tek sin plass sjølv om det kan vera utfordrande for dei. Det er også døme på at når rutinar vart endra, vart noko nullstilt (Reckwitz, 2002, s. 255). Endra rutinar gjorde til dømes at nokre stabar brukte meir tid saman som igjen resulterte i andre oppgåver enn til vanleg, og til ei meir definert diakonrolle. I intervjuet er det vidare eksempel på at asymmetriske relasjonar vart tydlegare når staben ikkje møtte kvarandre ansikt til ansikt, og at ikkje å møtast dagleg gav rom for refleksjon over arbeidssituasjonen, men det er også eksempel på at staben både til vanleg og under koronapandemien snakkar godt saman og gjer ting ilag (jf. Tjora, 2018). Interessant er også rolla ein reiskap som profesjonskunnskapen kan spele for at diakonen våger å bruke si stemme og slik vert synleg i stabsfellesskapet (Paavola & Hakkarainen, 2005; Afdal, 2013).

## ***4.2 Samhandling og medierande reiskap***

Sitata nedanfor viser at nye reiskapar eller reiskapar brukt på nye måtar har vore ein vesentleg faktor for samhandling i diakonane sin arbeidskvardag og for synleggjering av diakonane sin

profesjonspraksis desse vekene under koronapandemien våren 2020. I teoriar om kunnskaping er nettopp medierande reiskapar grunnleggjande. I følge Paavola og Hakkarainen er det gjennom reiskapar som telefonar, planar eller for eksempel sosiale media kunnskapen til den enkelte aktør, som i dette materialet er diakonar, vert gjort tilgjengeleg og skapar interaksjon mellom kunnskapen til den enkelte og fellesskapet, som til dømes mellom diakonen og staben, kyrkjelyden, eller lokalsamfunnet osv. (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 546- 547). For at denne interaksjonen av kunnskap skal skje er det også viktig korleis ein opplever fellesskapet/samhandling i fellesskapet (Paavola & Hakkarainen, 2005; Tjora, 2018).

D2 måtte melde seg aktivt på for å delta i gudstenestene i påsken, men gjorde det for diakonien sin del. D2 vart med på gudsteneste i påsken og fekk tilbakemeldingar frå folk om at det var fint å få gudstenester på nett.

Ja, folk har jo sett det, det er ganske mange som har sett det, og det blir og på en måte sett inn i kommunen i en større sammenheng. Folk i kommunen har vært oppmerksom på at vi som kirke er mer synlig og at vi gjør disse tingene. Vi har fått gode tilbakemeldinger og folk sier det var fint. (D2)

D5 viser også til at det har vore god oppslutning om digitale gudstenester: «Det har jo aldri vært så mange som har sett på gudstenestene som etter vi begynte å ha det digitalt». D3 seier ho ikkje sjølv har vore med på gudstenester på nett, men seier: «Ja, for vi når jo lenger ut med disse gudstenestene som er streamet og vi når jo enda flere enn vi når til vanlig. Det er jo fulle kirker, du får inn meldinger, sant». D3 seier vidare: «Det er spennende, og det vekker meg òg». D4 viser også til at andre enn dei vanlege kyrkjegjengarane har sett og kommentert gudstenesta: «Det betyr vel at det er folk som går sjelden til gudsteneste som har fulgt med ganske mye da, antar vi». Diakonane sine utsegn tydar på at kyrkja sitt gudstenestearbeid med å vera lokalisert ein annan stad både har nådd både vante kyrkjegjengarar og folk som ikkje går til kyrkje til vanleg.

Det er interessant å sjå at alle diakonane som snakkar om desse gudstenestene på nett snakkar om eit *vi*. Det verkar i denne samanhengen som diakonane opplever seg som ein del av eit *vi*

med dei andre i staben/kyrkjelyden, sjølv om fleire av dei også snakkar om å måtta melda seg på og jobbar for å verta synleg i desse felta. Tjora forstår med sin interaksjonistiske inngong fellesskap som ikkje berre skapt gjennom medlemmane i fellesskapet sine handlingar og forhandling, men at desse handlingane og forhandlingane er sjølv fellesskapet (Tjora, 2018, s. 48). Tjora viser til Collins som seier at situasjonar som gjer at ein kjenslemessig vert riven med kan danne grunnlag for sosialt medlemskap (Tjora, 2018, s. 59). Sjølv om ikkje alle diakonane har delteke aktivt, og sjølv om det å ikkje kunna møtast ansikt til ansikt i gudstenesta også sjølvsagt lukkar for moglegheitsrom, ser me i sitata at diakonane uttrykker begeistring for opnarar av moglegheitsrom ved å ha gudstenestene på nett. Eg tenkjer begeistringa diakonane uttrykkjer går under det Tjora viser til om å verte kjenslemessig riven med, og som kan vere med å danne grunnlag for samhald, tillit og solidaritet og slik sosialt medlemskap (Tjora, 2018, s. 59).

I arbeidet med gudstenestene på nett har me sett at artefaktar, både som reiskapar og rom, spelar ei vesentleg rolle for det sosiale samspelet (Nicolini, 2012, s. 95). Interessant, og eit døme på at det ikkje er mogeleg å føresjå resultatet av bruken av reiskapar eller moglegheitene dei kan gje, er at diakonane ikkje på førehand verka å kunne sjå for seg resultatet av å ha gudstenester på nett. Reiskapar lever sitt eige liv. Dei kan gje oss nye praksisar, opna for forståingar me ikkje har sett for oss eller tenkt at dei kunne bidra til peikar Afdal på med Wertsch (Afdal, 2013, s. 155). Diakonane viser også til utfordringar med å ta i bruk nye reiskap, som gudstenester på nett, som eg ser som eksempel på, slik Afdal viser til med Wertsch, at det alltid er ei spenning mellom medierande reiskapar og aktørar. Reiskapane søkjer å få oss til å fungera etter sitt system og omvendt (Afdal, 2013, s. 154). Nicolini peikar også på dette: “objects and material often bite back to us and resist our attempts to envelope them with our discourse” (Nicolini, 2012, s. 8). Vidare kjem det fleire døme på rolla reiskapar spela for det sosiale samspelet i diakonane sin profesjonspraksis under koronapandemien våren 2020.

For D4 sin del har staben vore meir saman. Dette har gjort at dei har samarbeidd om fleire ting og gjort at ho har fått nye og meir definerte oppgåver, mellom anna å vera med på gudstenestene på nett. D4 er slik også blitt meir synleg for kyrkjelyden. Ho viser til at det er forholdsvis nytt



å ha diakonstilling i kyrkjelyden og at mange i kyrkjelyden ikkje veit kva ein diakon er. D4 seier det ikkje ligg til hennar personlegdom å skulle profilere seg sjølv: «Det å på en måte gjøre meg selv kjent for folk og at de kan ta kontakt med meg viss de ønsker det, det har jo vært litt sånn..., det ligger ikke til min person då å gjøre det sånn automatisk». Ved å vera meir offensiv på nett, mellom anna ved å delta på gudstenestene, opplever D4 at ho har fått hjelp til å bli meir profilert som diakon. Til dømes seier ho: «...jeg har vist fram denne diakonskjorten flere ganger enn jeg pleier». Nye rutinar og verktøy brukt på nye måtar som under koronapandemien har gjort D4 meir synleg som diakon. Døme på dette er oppgåva ho fekk om å ringe folk som vanlegvis deltek i gudstenesta. D4 seier: «De som jeg ringer til vil jo da kanskje få et mer definert bilde av mine oppgaver og min rolle». D4 opplever slik at ho har «kommen mer frem i diakonoppgaver».

Eit anna døme på synleggjering under koronapandemien er frå intervjuet med D1. Ho seier at ho meir og meir opplever aksept ute i samfunnet for arbeidet dei driv, men viser til at ho ofte må grunngje ovanfor kyrkjelyden kva som gjer prosjekta ho driv for ungdom diakonale. D1 viser til at det i kvardagen kan vera ei utfordring i forhold til å oppleva at arbeidet ho driv er ein del av kyrkjelydane sitt arbeid. Ho seier: Jeg får jo ofte spørsmål ifra menighetene òg. Hvorfor er det dere gjør diakonalt? Jeg tenker jo at vi er omsorg i praksis og vi driver fellesskaps arbeid, og diakoni er jo å forkynne uten ord» (D1). D1 seier vidare: «vi treffer på en målgruppe som ikke menighetene nødvendigvis får tak i». D1 opplever at det er litt annleis med fellesrådet som ser nytteverdien av arbeidet: «for eksempel inn mot kommunen når de søker om midler og sånn». Då koronapandemien kom vart meir av arbeidet i regi av diakonen gjort tilgjengeleg digitalt og også delt på kyrkjelyden sine digitale plattformer, som til dømes Facebook. D1 seier: «Det er jo en utfordring i hverdagen å knytte alt i sammen. Det blir på en måte litt enklere når alle er blitt så digitale. Så blir samarbeidet litt sånn mer synlig». I følge D1 vart det meir synleg for den enkelte i kyrkjelyden at arbeidet hennar var ein del av kyrkjelyden sitt arbeid ved at det vart delt på kyrkjelyden sine plattformer på nett.

D3 opplever også at mange ikkje forstår kva diakonrolla handlar om: «... min rolle det der med stadig å sette folk inn i det du driver med, det er ikke en selvfølge at folk skjønner alt». På

spørsmål om kven ho meiner med «folk» seier D3 at det eigentleg gjeld alle felt i kyrkjelyden. Ho viser til dømes til korleis ho opplever støtte i staben for diakonale aktivitetar ho ynskjer å setja i verk. D3 fekk også rom til å reflektera rundt korleis ho opplever dette då ho under koronapandemien ikkje møtte dei andre i staben dagleg. Opplevingane til D3 er at ho får meir kritikk enn støtte frå staben på aktivitetar ho ynskjer å setje i verk:

De fleste gangene når jeg kommer med innspill så er det gjerne ting som de ikke har helt oversikt over eller sånn, så kommer de med sånne kritisk og negativ måte og lytte på, som gjør at du blir liksom enten lei deg eller irritert fordi at du ikke blir hørt skikkelig. (D3)

D3 gir eksempel på sitatet ovanfor med korleis ho opplevde å verta møtt då ho føreslo å starte sorggruppe: «Når jeg skulle starte sorggruppe så var det sånn at dette har ikke vi fått til før, så litt sånn pessimistisk, og jeg er der, nei dette skal vi få til». D3 jobba likevel vidare med å arrangere sorggruppe. Sorggruppa kom i stand og vart eit samarbeid med kommunen. D3 viser fleire stadar i interjuvet til at ho set pris på samarbeidet/samhandlinga med ulike aktørar i kommunen, men viser også til når ho som diakon opplever å ha tettare kontakt med kommunen enn kyrkja går det utover motivasjonen i arbeidet:

Selvfølgelig har jeg undret meg noen ganger om jeg er på rett hylle eller hvorfor jeg er her og litt sånn, men det er ofte fordi jeg mister den team følelsen, når jeg føler at jeg går på jobb og er en øde øy istedenfor i kirken altså. Når tilknytningen til kommunen blir sterkere enn til kirken så syns jeg det blir veldig rart, for meg er det motiverende å ha en forankring i kirkelig identitet. (D3)

Eit interessant døme frå intervjuet med D3 på kva reiskapar kan bety for synleggjering, maktforhold og aksept er eit innlegg ho hadde på kyrkja si Facebook side om open telefonlinje i påsken (Afdal, 2013, s. 155-156). Dette innlegget fekk mange treff. D3 seier: «Der skrev jeg om .. og sånn, sånn og er tilgjengelig på telefon... Så var det det som fikk mest treff av alt innpå der». Diakontenesta vart synleg i lokalsamfunnet ved hjelp av Facebook. Diakonen sin leiar la merke til dette og kommenterte det på stabsmøte. D3 sitt innlegg på Facebook om å vere tilgjengeleg på telefon under koronapandemien gjorde at diakonen og diakonien slik også vart synleg i stabsmøte, eller brukt tid på. Eg tenkjer interessa for D3 sitt innlegg på Facebook som gjorde at diakonen og diakonien vart synleg i stabsmøte, er eit døme på at bruken av artefaktar

kan endra maktforhold, slik at relasjonar vert meir på høgde med kvarandre, som Afdal viser til med Wertsch (Afdal, 2013, s. 155-156). Merksemda rundt innlegget på Facebook kan også, slik eg tolkar Tjora, sjåast som eksempel på ein karismatisk situasjon som igjen vil kunna bidra til auka tillit og ei meir inkluderande haldning til diakonen hjå dei andre i staben (Tjora, 2018, s. 63). Denne argumentasjonen hentar Tjora frå Weber, som i utgangspunktet såg karisma som eigenskapar ved eit individ, men opna etter kvart for å knyta omgrepet til emosjonelt innhald i karismatiske augneblinkar (Lindbekk, 2011 i Tjora 2018, s. 62-63). I følgje Tjora kan karisma slik knytast opp mot ritual eller ein situasjon og korleis ulike individ skapar karismatiske augneblinkar. Slike karismatiske situasjonsritual kan, særleg om dei vert gjenteken, utvikla eit kollektivt medvit for kven som vert gjeven tillit og gruppedlemskap, og handlar slik om grenser for kven som er utanfor og innanfor (Tjora, 2018, s. 63).

På same tid som D3 desse vekene under koronapandemien har reflektert over hindringar for moglegheitsrom, ser ho ei endring i staben ved at fleire i staben generelt ser at det er mogeleg å gjere ting på nye måtar, også dei som eigentleg til vanleg ikkje likar å prøve nye ting. Eg tenkjer at denne endringa D3 ser i staben kan sjåast på som sosiale situasjonar som bidreg til sjølvforsterkande tilbakekoplingsprosessar, slik Tjora viser til med Collins (Tjora, 2018, s. 59). Under koronapandemien vart ein på ein måte tvinga til å gjera ting på nye måtar, også staben til D3. Det kan ut frå D3 sitt utsegn om staben sjå ut som staben har gjort seg erfaringar med at det er mogeleg å gjera ting på nye måtar. Det kan verke som medlemmene i staben har opparbeidd seg emosjonell energi i forhold til å prøve ut nye ting (Tjora, 2018, s. 60). I følgje Tjora, slik han tolkar Collins, tek den enkelte, som i staben til D3, minna frå å ha meistra ein situasjon med seg inn i møte med nye liknande situasjonar. Det vert slik skapt ein kjedereaksjon (Tjora, 2018, s. 59-61). At staben får erfaringar av å lykkast med å gjera ting på nye måtar vil, slik eg tolkar Tjora, også kunna opna for at staben til D3 vert meir positive til å gjera ting på andre måtar enn det som har vore vanleg også i det diakonale arbeidet (Tjora, 2018, s. 61).

**Samanfatning:** Sitata over tydar på at diakonane er opptekne av å verta synlege i stab, kyrkjelyd og lokalsamfunn til vanleg, sjølv om det varierer mellom diakonane kor dei opplever å måtta jobba for å verte synleg. Sitata tyder også på at diakonane er blitt meir synlege i desse

nemnte felte under koronapandemien. Det er interessant å sjå rolla ulike reiskapar og stadar spelar i desse prosessane med samhandling og synleggjering i stab, kyrkjelyd og lokalsamfunn. I sitata vert det vist til at diakonskjorte og bruk av telefon bidreg til synleggjering av diakonen og diakonrolla. Det vert også vist til at koronapandemien har gjort fleire i staben meir opne for å prøva nye ting (Jf. Tjora, 2018). Vidare vert det vist til at bruk av sosiale media skapar situasjonar der ein kjenslemessig vert riven med, og at diakonen sitt arbeid vert meir synleg for kyrkjelyden. Meir symmetri i relasjonar vert også skapt ved bruk av sosiale media. Sosiale media verkar å ha spelt ei vesentleg rolle for denne medieringa av diakonprofesjonen under koronapandemien og er eksempel på verknaden artefaktar kan ha, slik Paavola og Hakkarainen viser til i teorien om kunnskaping (2005), og Afdal viser til med Wertsch (2013, s. 154-156). Dette ser eg som eksempel på at reiskapar kan gje oss nye praksisar, og opna for forståingar me ikkje har sett for oss at desse reiskapane kunne bidra til, slik også Afdal viser til (Afdal, 2013, s.155). Tjora peikar på at Collins ikkje såg medierte fellesskap som ei moglegheit for å skapa kollektiv effervesens. Tjora viser på si side til at det i vår tid, og særleg dei siste åra, er fullt av døme på at i tilgongen til sosiale media er det eit potensiale til utvikling av kollektiv effervesens (Tjora, 2018, s. 71). Potensialet for kollektiv effervesens gjennom sosiale media vart jo særleg aktuelt då koronabølgja slo over landet og verda og folk ikkje kunne møte kvarandre ansikt til ansikt.

### **4.3 Samhandling på nye plattformer**

#### **4.3.1 Nye plattformer som opnarar for møtepunkt mellom diakonar**

Mange av diakonane i kyrkjelydar i Dnk er einaste diakonen i staben. Diakonar har også ofte ansvar for det diakonale arbeidet i fleire sokn og det kan vera få diakonar i eit prosti. Det finst også eksempel på at det er fleire diakonar i eit sokn og mange i eit prosti. Desse ulike variantane finn ein også blant diakonane eg intervjuar. På same vis som planlegging og utøving av gudstenester, eller til dømes stabsmøte, vart annleis under koronapandemien, vart også kontakten med andre diakonar gjennomført på andre måtar enn til vanleg. Nedanfor vert det i tråd med forskningsspørsmåla gjeven eksempel på samhandling med andre diakonar når denne samhandlinga føregjekk på andre stadar og ved hjelp av andre reiskapar enn før. Artefaktar er i følge Paavola og Hakkarainen grunnleggjande for kunnskaping, men skal kunnskaping skje

viser dei også til at stillasbygging og gode strukturar er avgjerande. Når ein vert sosialt respektert og anerkjent vågar ein å bruke stemma si for å dele kunnskap, og tileigne seg og stille spørsmål til eksisterande kunnskap (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 546 og 554).

D1 kommenterer kontakten ho har hatt på sosiale media med andre diakonar nasjonalt. Desse jobba med same type prosjekt som ho. «Jeg tenker at det har vært veldig positivt, og når en sitter på hjemmekontor sånn som nå hvor verdifullt det er å få lov å snakke med andre som driver med akkurat det samme som jeg driver med. Det betyr veldig masse». På same tid viser D1 til at det ikkje berre er no, men også til vanleg at diakonar jobbar åleine. «For det er jo et faktum at en del diakoner jobber mye alene». D1 seier vidare at: «Når ting begynner å normalisere seg så har me opprettet en kontakt nasjonalt som kommer til å bestå på en annen måte også...». Ho har vore på fagdagar nasjonalt med diakonar som jobbar med same type prosjekt før koronapandemien. Noko er likevel annleis no. D1 seier: «men det er klart nå jobber vi ilag på en annen måte og det syns jeg har vært veldig spennende».

Strukturen for samhandlinga mellom diakonane som jobba med same prosjekt som D1 vart annleis under koronapandemien. Det vart ein tettare kontakt. Slik stillasbygging vil kunna skapa utvikling i ein praksis (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 546). D1 viser til ei glede over at diakonane har jobba saman på ein annan måte. Dette er døme på ei oppleving av eit varmare fellesskap som kan bidra til kollektiv effervesens, slik Tjora viser til (Tjora, 2018, s.71). Det kan tyde på at den auka bruken av sosiale media vart ein opnar for kunnskapsdeling og slik bidrog til meir kunnskaping (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 546- 547).

Eit anna eksempel på støtte ved å møtast oftare er møtepunkta som vart oppretta på Teams for alle diakonane i bispedømet. D1 viser til at mange av diakonane som jobbar åleine som diakon i eit sokn også har lange avstandar for å treffe andre diakonar i bispedømet. D1 ser det difor som verdfullt også å kunna treffa andre diakonar i bispedøme på Teams. D1 seier: «vi jobber jo veldig på hver vår tue og det er veldig fint å ha det faglige fellesskapet. Det tror jeg òg at det er mange som savner, en er ikke alene, men alene som diakon, å styrke da faglige. \_Måten en

jobber på. Syns det». D3 viser også til møte med andre diakonar i bispedømmet på Teams som styrkjande. Ho seier:

...og det kan jo du ta med også visst det er interessant, at vi har hatt de møtene på Teams, for meg har det gjort noe med min helhetlige arbeidssituasjon...jeg kunne tenkt meg at på samme vis som prestene har konvent en gang i måneden så syns jeg vi bør beholde den kontakten en gang i måneden (D3).

D5 ser på Teams-møta som kom i stand som oppmuntrande. D5 tenkjer også desse møta særskilt er viktige for diakonar som er nye i stillinga. For eiga del seier D5 at: «Personlig så har ikke jeg så behov for det, men det handler om at jeg er ganske selvstendig i utgangspunktet og så har jeg en veldig god stab rundt meg for det jeg trenger». D5 seier likevel: «det er for så vidt fint det altså, jeg tenker det er fint at vi har de møtene på Teams på fredager og forteller litt hva vi gjør og gir støtte til hverande». Ho seier at å treffa andre diakonar og diakoniarbeidarar særskilt kjem godt med om ein som einaste diakon i soknet, og enda viktigare om ein er ny, har ei anna oppfatning av ein problemstilling enn til dømes staben. D5 seier: «Så får vi vise littegrann hvordan vi opplever det, sant. Hvor vi kan oppmuntre og komme med kommentarer og råd og sånne ting. Så jeg synest det er veldig nyttig da». Tjora peikar med Rogstad (2007) på at samfunnsdeltaking og integrering vert fremja ved å mobilisera med andre i same situasjon (Tjora 2018, s. 45). Det er lettare å få gehør eller merksemd og stå for ei sak når det er fleire i lag. Diakonane viser til at dei ofte er åleine i sitt fagfelt i stab og kyrkjelyd, og fleire av diakonane peikar på at det ikkje alltid er lett å verta synleg, eller koma til orde. Slik eg tolkar utsegna over og Tjora, vil ein tettare kontakt med andre diakonar kunna vera med å letta integrering i staben for diakonprofesjonen (Tjora, 2018, s. 45).

D4 seier også at det er enklare for fleire av diakonane å koma på møta i regi av bispedømmet når desse er på Teams, og at det er bra for diakonane å kunna møtast litt oftare:

Jeg tenker at for veldig mange i bispedømme vil jo det gjøre det mye enklere å kunne delta. Å det tenker jeg må være positivt. Kanskje òg få til en slags kombinasjon da. Det tror jeg at kan være positivt. Jeg har jo lenge vært den eneste diakonen i prostiet. Ja det er mye jeg kunne tenkt meg, og har behov for å snakke med andre diakonar om da. (D4)

D4 legg vekt på at fagprat med andre diakonar om spesifikke tema ville vera styrkjande for praksisutøvinga, og som D5 viser til, særleg for nyoppretta stillingar. D4 seier:

Kunne godt hatt en del sånne, hvordan gjør vi det prater. Det er jo flere nyopprettede stillinger, hva gjør en på hjemmebesøk og hvor ofte går folk på hjemmebesøk, og prøver en å flytte hjemmebesøk til kontoret, eller hva grunn har en til å gå på besøk. Hva skal til, sant. (D4)

D4 viser også til «soknebud med nattverd, og hvordan deltar en under gudstenester. Hva er en med på og ikke med på?». Det var mange praktiske ting D4 ikkje fekk prøvd under utdanninga. No er ho ofte åleine i situasjonen og seier: «En får aldri noe tilbakemelding på hvordan en gjorde det». Tjora sitt omgrep, sosiale rytmar, som han utvikla ved å forske på festivalar basert på camping tenkjer eg er interessant i denne samanhengen (Tjora, 2018, s. 66). Det interessante er Tjora sine funn om korleis kunnskapen om desse sosiale rytmane vart overført mellom erfarne og nye festivaldeltakarar, og at kompetansen også vart overført frå festival til festival (Tjora, 2018, s. 68). Denne kompetansen skapar eit praksisfellesskap. Overføringa av kunnskap skjer implisitt ved at nye tilpassar seg dei erfarne sin måte å gjere ting. Denne overføringa kan skje både med teikn som vil seie ulike materielle ting, eller ved at deltakarane snakkar saman om tidlegare erfaringar (Tjora, 2018, s. 69). I teams-møta som vart oppretta for diakonane i bispedømet er det både erfarne og ferskare diakonar som deler erfaringar. I følge Paavola og Hakkarainen er praktisk kunnskap som vert utvikla i kollektive prosessar også ei vesentleg side for kunnskaping (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 538).

Sjølv om D1 ser det som verdfullt å kunna møtast på nett har det også vore utfordringar: «Det er så mange ulike plattformer en skal bruke. Ting det går jo litt rundt, men det kommer seg. Jeg føler at vi er rustet til å kunne jobbe vidare på denne måten på en helt annen måte nå». D2 viser også at det kan vera utfordrande å handtera digitale plattformer på ein god måte. Det kan vera vanskeleg å ivareta alle deltakarane, men ho seier likevel om møta med diakonane på Teams «at det er jammen betre enn ingenting». I følge Afdal seier Wertsch (1998) at det alltid vil vera ei spenning mellom medierande reiskapane og dei handlande aktørane. Dette finn me også eksempel på i utsegnene til D1 og D2 når det gjeld diakonane sine teams-møte (Afdal, 2013, s.

154). Det positive med å møte andre diakonar grunnlegg D2 blant anna med diakonane sine ulike fagbakgrunnar:

Jeg tenker at det er bra for diakonien at det er ulike bakgrunner. Vi sitter jo hver for oss en og en, men sånn samlet sett kan det bli veldig utfyllende og bra at vi har ulik faglig bakgrunn som kan øke forståelsen for at det er ulike måter å se ting på, og merker jo det når vi er på fagdager at vi har ulik bakgrunn og at vi forstår ting ulikt, og det synes jeg er interessant, det tverrfaglige. (D2)

I D4 sitt sitat vart det vist til at den praktiske delen i kunnskaping kan verta styrka i møte med andre diakonar. D2 har meir fokus på at å møte andre diakonar aukar forståinga for problemstillingar i praksis gjennom fagleg og vitskapeleg kunnskap, som også er viktige element i teorien om kunnskaping (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 546- 547; Afdal, 2013, s. 200).

D1 peikar på at bruk av sosiale media ikkje berre opnar for å kunna møte andre diakonar oftare, men også at meir av arbeidet vert synleg, og at ein slik vert meir bevisst kva andre gjer. Å sjå kva andre gjer kan vere ei kjelde til nye idear, og til å sjå at ein er del av noko større. «Å se hva som blir gjort at en kan finne inspirasjon» seier D1 og gjev døme på fasteaksjonen: «det er jo en slik ting så alle driver med i alle deler av landet» og vidare «Nettopp det der at en ikkje behøver å finne opp kruttet alene, og ... at en heller kan få inspirasjon fra andre. Å jobbe i lag». D1 seier at: «den der følelsen at en er med på noe større enn akkurat det lille prosjektet en holder på med selv.. det er for meg veldig betydningsfylt». D1 viser her at ho vert inspirert av å følgje andre diakonar sitt arbeid på sosiale media. Å gjera andre sine reiskapar til sine egne vert i mediert handling sett på som appropriering. Appropriering viser til at reiskapane halvt er eins egne og halvt nokon andre sine, slik D1 viser til om å få idear gjennom sosiale media og gjera dei til sine egne (Afdal, 2013, s. 155). D1 uttrykker også at det er viktig for ho at å følgje andre på sosiale media gjer at ho opplever seg som ein del av eit større fellesskap. Dette kan sjåast på som eit døme på at smittande kjensler skapar grunnlag for fellesskap (Tjora, 2018, s. 65).



**Samanfatning:** Diakonane peikar på at mange diakonar er åleine diakon i soknet eller også i prostiet. Mange har lang reise for å koma på møter med andre diakonar. Oftare møtepunkt under koronapandemien, både møtepunkt med andre diakonar i regi av bispedømet, og diakonar andre stadar i landet viser diakonane til som positivt. Å ta i bruk sosiale media eller bruke dei på nye måtar, verkar å opne moglegheitsrom for diakonane, sjølv om diakonane i tråd med Afdal også peikar på at det kan vere utfordringar med å ta i bruk slike reiskapar (Afdal, 2013, s. 154). Som eg har vist til er, i følgje Tjora, tett kontakt eit viktig grunnlag for å utvikla samhald, tillit og solidaritet (Tjora, 2018, s. 59-60). Til samanlikning har oftare kontakt under koronapandemien mellom diakonar som jobbar med same prosjekt nasjonalt, gjort at dei jobbar ilag på ein annan måte. Slik eg tolkar utsegna til diakonane, og i tråd med Tjora, vil ein tettare kontakt med andre diakonar også kunna vera med å letta integrering i andre fellesskap for diakonprofesjonen, til dømes staben. Ved å stå saman med andre diakonar får ein ei sterkare stemme (Tjora, 2018, s. 45). Den tettare kontakten mellom diakonane som er mogleggjort ved å ta i bruk digitale reiskapar ser eg som stillasbygging, som i følgje Paavola og Hakkarainen vil kunna bidra til kunnskaping i diakonane sin profesjonspraksis (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 546).

#### 4.3.2 Å møte deltakarar og frivillige på nye plattformer

Då koronapandemien kom handla lukkarar for moglegheitsrom i diakonane si samhandling med frivillige og deltakarar mellom anna om ikkje å kunna møtast ansikt til ansikt. I møte med desse lukkarane opna det seg likevel moglegheitsrom. Vidare vil eg sjå på diakonane sine møter med deltakarar og deretter med frivillige. Dette er i følgje Plan for diakoni to viktige område både for diakonen og det diakonale arbeidet i kyrkja. I Plan for diakoni vert det peika på at me alle er skapt i Gud sitt bilete til å vera medmenneske (Den norske kirke, 2020, s. 5). Plan for diakoni seier at dette i handling blant anna betyr: «...å stille seg til disposisjon, både som fellesskap og enkeltperson, og spørre: «Hva vil du jeg skal gjøre for deg?» (Lukas 18,41 i Den norske kirke, 2020, s. 6). Menneske som kjem til kyrkja skal ikkje berre verta møtt med tenester, men også få moglegheit til å verta involvert og ein del av fellesskapet, eksempelvis som frivillige medarbeidarar (Den norske kirke, 2020, s. 16).

D5 viser til at då koronapandemien kom og moglegheit for å møta kvarandre var minimert, var ho oppteken av å halda kontakt med folk: «...da i midten av mars var min motivasjon veldig stor mot å holde kontakten, vi har ikke glemt deg selv om vi ikke kan møte deg». På spørsmål om moglegheiter og avgrensingar under koronapandemien held D5 fram individuelle samtalar ho hadde på tlf, chat osv. D5 seier at sjølv om det var utfordrande å ikkje kunna møtast gav det også moglegheiter:

Jeg vet ikke om du skal spørre om individuelle samtaler? Jeg kan jo si at jeg har brukt mye tekstmeldinger og samtaler på telefon og jeg syns jo noe som oppleves som begrensninger, ikke å kunne se hverandre og kunne tolke hverandres ansiktsuttrykk, det har vært positivt også. Overraskende positivt.». «Viss en sender melding på Facebook eller Messenger, eller på tekstmelding, så er det sånn at man har tid til å resonner seg fram til for eksempel. (D5)

D5 seier at fleire av konfindentane føretrakk å møtast på Messenger eller tekstmelding, men at også mange såg fram til å møtast ansikt til ansikt. D2 viser på si side til at ein ved å møta deltakarar på telefon får ein «på en måte ikke utøvet diakonien med å kommunisere med hele seg, med hele kroppen på en måte, med alt, sånn som jeg vanligvis gjør» og seier at det: «synest jeg er veldig utfordrendes» på same tid opplever D2 at:

...samtalene som jeg har hatt. Jeg kaller det for telefonbesøk. De opplever jeg som veldig fine faktisk, men mye mer sånn utmattende eller krevende for min del da, fordi du må være veldig på, og du må jo liksom lytte på en annen måte og prøve å ikke snakke i munnen på den andre. Ser jo ikke når den andre vil si noe (D2).

Fleire av diakonane viser også til å ha møtt konfindentar til sjelesorg på tur ute, ved bålpanna utanfor kjøpesenteret eller kyrkja, som alternativ til å møtast inne. Etter kvart var det også tilbod om å komme til open kyrkje. Dette er eksempel på at tida med koronapandemien fostra meir kreativitet.

Dei andre diakonane viser også til fleire eksempel på at då koronapandemien lukka for måtar dei vanlegvis dreiv det diakonale arbeidet, tok dei i bruk nye reiskapar og/eller brukte reiskapar på nye måtar for å halda kontakten og følgje opp deltakarar. I eitt av prosjekta D1 er engasjert

i er det fleire liknande tiltak andre stadar i landet. I prosjektet møter diakonane vanlegvis deltakarar ein-til-ein. For framleis å kunna gje eit tilbod til desse deltakarane seier D1 at: «vi ble enig om at vi skulle opprette en felles Instagramprofil der vi og skulle ha åpningstider. Der vi i løpet av uken utvidet slik at vi til slutt er tilgjengelige i fra 09-20.00». (D1)

D3 viser til at dei har hatt open telefonlinje i påsken der tidspunktet dei hadde ope var koordinert med andre tilbod i kommunen. Dette var ein pilot for å utvida eit nasjonalt prosjekt for å skapa lett tilgjengelege møteplassar i trygge rammer. D3 var på tidspunktet for intervjuet også i startgropa med live-sending på nett ein gong i veka, retta mot innvandrarak som til vanleg deltek på språkkafé. Språkkaféen er eit samarbeid mellom diakonen og fleire offentlege og frivillige organisasjonar. I tillegg til live-sendinga samarbeidde aktørane om å leggje ut videoar om korona og andre aktuelle tema på språka til deltakarane. I live-sendinga var det moglegheit for tovegskommunikasjon. Slik live-sending har også D4 vore med på i samarbeid med andre religiøse organisasjonar. Denne sendinga var retta mot ungdom. Sjølv om det var positive tilbakemeldingar på dette treffet seier D4 at det også er utfordringar: «tror disse nettløsningene de kan brukes til å vedlikeholde et miljø du allerede har. Du kan ikke lage et nytt miljø via nettet. De trenger å ha en relasjon som er ganske sterk i utgangspunktet da for å lage en sånn fellesskapsopplevelse». Tjora kjem fram til ein annan konklusjon om potensialet for mediering av fellesskap mellom personar som ikkje kjenner kvarandre, gjennom sosiale media. I følge Tjora kan kollektiv effervesens verta skapt gjennom sosiale media ved at enkeltindivid samlast om noko tredje, som å fange ein sjeldan Pokemon (Tjora, 2018, s. 71-72) .

Å ta i bruk sosiale media i møte med deltakarar kan også innebere andre utfordringar enn dei D4 viser til over. Dette handlar til dømes både om å ivareta personvernet på ein god måte og at deltakarane elles føler seg ivaretekne. D1 seier: «dette er et nytt territorium for oss, vi har jo ikke retningslinjer», og D4: «Det hadde jeg ganske behov for å være tydelig og ryddig rundt». Dette går overeins med at det alltid er ei gjensidig spenning mellom artefaktar og aktørar (Afdal, 2013, s.154).

Også i møte med frivillige vart nokre moglegeheitsrom lukka og andre opna. Hindringar handla også her om ikkje å kunna møta frivillige ansikt til ansikt ved gjennomføring av aktivitetar, og at aktivitetar frivillige vanlegvis er engasjert i vart stengde ned.

D5 var oppteken av å halda kontakt med folk også når ein ikkje kunna møta kvarandre ansikt til ansikt. Dette handlar ikkje berre for D5 om å sjå deltakarar, men også frivillige og å engasjere frivillige til innsats også under koronapandemien. D5 snakkar ikkje om synleggjering i staben, men meir i andre felt. D5 seier at: «menigheten er veldig preget av en diakonal holdning», men legg på same tid vekt på at ho har brukt lang tid å på å få kyrkjelyden til å tenkja at dei eig diakoniplanen: «jeg har brukt lang tid på å understreke at dette er hele menighetens ansvar». D5 har vore oppteken av å bruka planen som eit verktøy også under koronapandemien. Ho har i tråd med planen lagt særskilt vekt på at det er heile kyrkjelyden sitt ansvar å sjå dei som er isolert, og seier at folk i kyrkjelyden er blitt: «oppmuntret til å ta kontakt med naboer og andre de kjente og ringe, selv om vi i staben hadde en koordinert og systematisk oversikt over hvem vi ringte til» (jf. Afdal, 2013, s. 158).

D3 viser til at ho er oppteken av å involvere frivillige i gudstenester på nett: «vi har jo så mange flinke på musikk ...vi kan jo be dem om å være med når vi skal lage andakt eller gudstenester». D4 viser på si side til at det har vore utfordringar med å involvere frivillige i produksjonar på nett og på same tid halde seg innanfor smittevernreglar. D4 gjev døme på dette med møter for ungdom på nett. Ho viser til at dei har hatt med ungdommar, men seier også: «vi burde jo selvfølgelig hatt mange flere ungdommer involvert i gjennomføringen».

Ungdom er også ei av målgruppene i D5 sitt arbeidet for å engasjera kyrkjelyden under koronapandemien. I kyrkjelyden er det eit stort ungdomsarbeid og ungdommane vart engasjert til å lage ein digital happening som alternativ til påsketur for ungdom. Dette vart tatt godt imot. Staben til D5, inkludert ho sjølv, hadde også ein felles agenda om å engasjere ungdom til å ivareta ungdom. Ungdommar med leiarverv fekk gjennom kontakt på Facebook og e-post i oppgåve å halde kontakt med ungdommar i si gruppe. Staben hadde dialog på telefon med

ungdomsleiarane om særskilt å halde kontakt med ungdommar som hadde det «turbulent hjemme». D5 seier at dei snakka med ungdomsleiarane om at diakonen og andre i staben alltid var tilgjengelege om det var behov: «så skulle de ha lav terskel for å ta kontakt med meg eller andre i staben som hadde mer erfaring på oppfølging av litt sånn...». Eg ser dette som eit døme på at interaksjon av kunnskap mellom aktør, reiskap og fellesskap kan skje når ein er trygg (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 546).

**Samanfatning:** Sitata om diakonane sine ulike kreative løysingar for å kunna møte deltakarar og frivillige på ein god måte under koronapandemien, er på ingen måte uttømande frå det diakonane fortalde dei jobba med. Eksempla over må sjåast på som smakebitar. Sjølv om koronapandemien har ført med seg utfordringar i arbeidet i møte med deltakarane og frivillige viser sitata at diakonane ved å bruka nye reiskapar eller bruka reiskapar på nye måtar også har fått eit utvida repertoar, særskilt for å møte behov hos deltakarar. Dette går overeins med det Afdal omtalar som at artefaktar gjev *mulighetsbetingelser* (Afdal, 2013, s. 154). *Betingelser* skal i følge Afdal spegla at reiskapar både kan hindra og opna moglegheitsrom. Det er også slik at reiskapar åleine ikkje opnar moglegheitsrom, dei må verta tekne i bruk, slik diakonane i eksempla over på mange måtar har gjort (Afdal, 2013, s. 154). Reckwitz ser til samanlikning på korleis ting vert handtert som avgjerande for korleis individet oppfører seg (Reckwitz, 2002, s. 252-253).

Arbeidet til diakonane retta mot frivillige og deltakarar verkar å vere mangfaldig for alle diakonane. Ein tendens i materialet er at det er noko ulikt kven diakonane samhandlar med i arbeidet retta mot både frivillige og deltakarar. Dette verkar i nokon grad å vera samanfallande med kva felt diakonane er oppteken av å verta synlege i. Dette bilete kjem til dømes fram om ein samanliknar D2 og D5.

## 5 Drøfting

I drøftingskapittelet er målet å svare på hovudproblemstillinga i oppgåva: Korleis erfarte diakonar i Den norske kyrkja moglegheitsrom i sin profesjonspraksis under koronapandemien våren 2020, sett i lys av spenninga mellom profesjonen skildra som sentral og marginalisert? Eg ynskjer å bidra til ei auka forståing for moglegheitsrom i diakonane si profesjonspraksis, for slik å vere med å styrkje kyrkja i det diakonale oppdraget. For å utvida forståinga av moglegheitsrom i diakonane sin profesjonspraksis brukar eg funn frå analysen og drøftar desse.

### *5.1 Aude øy og betydninga av samhandling i trygge rammer og fellesskap*

I fleire av bidraga i forskingsoversikta vert det sett lys på at det finnes spenningar i diakonane sin profesjonspraksis. Denne spenninga handlar om at Dnk i vedtak og planar tilsynelatande gjev eit bilete av diakonien og diakonar med omsorga for kvarandre og skaparverket som plassert i senter av kyrkja, og at forskning på ei anna side viser til at diakonane opplever ei marginalisering av diakonprofesjonen og det diakonale arbeidet i kyrkja (Nygaard, 2015; Engel, 2017; Nygaard, 2017; Edgardh, 2019; Sjøberg, 2020) (Sjå kap. 1 s.1 og s. 3-5). I analysen i min studie kom det fram at hindringar som vert peika på i desse bidraga kan kjennast att i det fleire av diakonane seier. Til dømes snakkar diakonane om å måtte melde seg på, uklår rolle, måtte jobbe for å verte synleg og om å vere ei aude øy.

I analysen er det eksempel på at diakonane i min studie, i samsvar med tidlegare forskinga, opplever utfordringar med å verta sett og høyrte i stabar og kyrkjelydar. I samsvar med Engel tenkjer eg synet i diakoniplanen, om at den enkelte både skal verta sett, sjå, gje og få trøyst og hjelp for å få nye krefter og skapa håp, også er viktig for diakonane i deira profesjonspraksis (Engel, 2017; Den norske kirke, 2020). Diakonen si teneste skal både inspirera og leggje til rette for omsorg og fellesskapsbyggjande arbeid i kyrkja, og vera der for menneske i naud (Den norske kirke, 2011; Tjenesteordning for diakoner, 2005, § 2). (Sjå kap. 1 s. 9-10). For at diakonane skal kunne utføre oppdraget på ein god måte viser Engel til at kyrkja har bruk for

trygge og stabile diakonar, med ein kompetanse og kunnskap, som styrkjer det diakonale oppdraget på alle nivå i kyrkja. Det som er bra for diakonane er også bra for dei diakonane skal vere der for, seier Engel (2017, s. 32). Dette samsvarar med at det i det teologiske grunnlaget for Plan for diakoni i Dnk vert peika på *likeverd, gjensidigheit og respekt for den andre* som grunnleggjande for nestekjærleik og all diakonal omsorg (Den norske kirke, 2020, s. 6). Nestekjærleik handlar om alle menneske, både diakonane og dei diakonane møter i sin profesjonspraksis. Plan for diakoni definerer diakoni som omsorgstenesta til kyrkja og ser diakonien som evangeliet i handling. Nestekjærleik er det eine av fire område i planen. Dei andre områda er inkluderande fellesskap, kamp for rettferd og vern om skaparverket. Det teologiske grunnlaget i planen viser til at: «I et inkluderende fellesskap skal den enkelte både se og bli sett. Der gis gjensidig trøst og hjelp, der frigjøres nye krefter og nytt håp» (Den norske kirke, 2020, s. 6). Gjensidig trøyst og hjelp er viktig for alle menneske, både dei diakonane møter og diakonane.

## ***5.2 Nye refleksjonar, opning for samhandling på nye måtar?***

I analysen kom det fram at nokre av diakonane eg intervjuar vart meir merksame på utfordringar i profesjonspraksisen til vanleg i desse fyrste vekene med nedstenging av landet og annleis rutinar. Dette handla til dømes om ikkje å komme til orde på stabsmøte, som også Nygaard viser til kan vere ei utfordring for diakonar (Nygaard, 2015).

Refleksjonane diakonar i min studie gjorde, ser eg som interessante i lys av at, til dømes Nicolini, viser til at det i praksisar kan førekomma diskriminerande forhold som er vanskeleg å få auge på fordi dei er blitt ein naturleg del av korleis ting heng i hop (Nicolini, 2012, s. 3). At diakonane då koronapandemien kom fekk auge på ting som var utfordrande i praksisen til vanleg ser eg som ei opning for å kunne gjere noko med hindringar. Det ein er klar over kan ein gjere noko med. Eit døme på dette er at dei fekk overblikk over situasjonen ved å vere fysisk vekke frå kontoret, slik eg viser til i analysen (Nicolini, 2012, s. 3). I dette ligg, slik eg ser det, eit potensiale for opningar for moglegheitsrom i diakonane sin profesjonspraksis, som kan bidra til å skape utvikling i kyrkjelyden sitt diakonale arbeid.

Edgardh peikar på fleire faktorar ho hevdar skapar ei underordning av diakonprofesjonen og diakonien i Svenska kyrkan. Faktorane Edgardh ser er at handling og ord vert separert, at diakoni og gudsteneste vert separert og gudstenesta overordna diakonien, og at det diakonale oppdraget ikkje vert integrert del av kyrkjelyden slik at diakonane står åleine med kyrkjelyden sitt oppdrag i å utøva diakoni (Jamfør Nygaard, 2015). Underordninga koplur Edghard vidare til at det diakonale oppdraget ikkje fullt ut vert betrakta som teologisk, som til dømes har med bakgrunn i manglande kunnskap om diakoni hjå leiinga i kyrkjelyden. Edgardh ser desse faktorane som ein del av, men ikkje eit uttømande, bilete for Svenska kyrkan sin relasjon til ei diakonal kyrkje (Edgardh, 2019, s. 188). I følgje Edghard har alle faktorane med underordninga for diakoniprofesjonen også samanheng med underordning av kvinneleg omsorgsarbeid i samfunnet elles (Edghard, 2019, s. 184 -189). Fleire av faktorane Edgardh peikar på er område som diakonane i min studie også kjem inn på når dei fortel om ting som har endra seg under koronapandemien desse vekene våren 2020, og drøftinga under kjem inn på.

### ***5.3 Reiskapar og samhandling med deltakarar, kyrkjelyd og stab***

Diakonane eg intervjuar fortel om eit mangfaldig arbeid som strekk seg frå ungdom til eldre. Det handlar om sorgarbeid, om å møte døyande, menneske med psykiske lidningar, menneske som har utfordringar med rus, nordmenn og innvandrarar, korleis involvera frivillige osv. Diakonane har til vanleg ulike erfaringar med korleis dei opplever at kyrkjelyden forstår og involverer seg i dette arbeidet. Blant diakonane er det eksempel på at dei ikkje alltid opplever at kyrkjelyden deler deira syn på kva det diakonale oppdraget handlar om, eller kva som gjer arbeidet diakonale dreiv diakonalt. Dette er utfordringar diakonane også viser til i nokre av stabane. Samhandling med staben vert også drøfta seinare i kapitlet. Edgardh ser det som uheldig både for diakonane, kyrkjelyden og dei som har utfordringar dei kjem til kyrkja med, om diakonane vert åleine med det diakonale oppdraget (Edghard, 2019, s.188-189). Dette er utfordringar fleire viser til (Nygaard, 2015; Engel, 2017). Sjølv om diakonane ikkje seier at det dei opplever som hindringar er blitt vekke desse fyrste vekene under koronapandemien, og til dømes viser til å måtte melde seg på, fortel diakonane også om synleggjering og opnarar av moglegheitsrom. Fleire av diakonane viser til at nye reiskapar og reiskapar brukt på nye måtar har skapt ei rørsle. Til dømes har ny bruk av sosiale media, eksempelvis Facebook, gjort både diakonane sitt arbeid synleg for kyrkjelyden. Det er også eksempel på andre reiskapar som har



bidratt til ei slik synleggjering. Diakonane fortel blant anna om telefon brukt på nye måtar og diakonskjorte.

Synleggjeringa av diakonen og diakonen sitt arbeid er viktig i lys av Tjora sin argumentasjon om at nærvær eller å vere saman om noko genererer tillit. Tjora viser her til Goffmann som seier ein det er situasjonane ein må undersøkje. I følgje Goffmann er det «ikkje individer og deres interaksjoner, men interaksjoner og disses individer» ein må undersøkje (i Tjora, 2018, s. 62). Om ein ser på rørsle med synleggjering av diakonane og det diakonale arbeidet i lys av innstillinga frå bispemøtet i saka om diakonenesta på kyrkjemøte i 2011, som eg viste til i innleiinga, kan denne rørsle ha mogleggjort at diakonane og diakonane sitt arbeid er blitt til inspirasjon for fleire eller andre enn til vanleg. Dette kan også auka medvitet om dei diakonane skal vere der for. I diakoniplanen er det diakonale oppdraget ei utfordring til alle og skal vera ein dimensjon ved alt som skjer i kyrkja. Til dømes er ein av bibeltekstane det vert vist til i det teologiske grunnlaget for planen Lukas 10, 36-37, om den miskunnsame samaritanen Teksten er ei oppfordring til alle om ikkje å gå forbi, men å sjå vår neste, og diakonane i tråd med biskopane sin uttale, skal inspirera kyrkjelyden og kyrkja til å sjå (Den norske kirke, 2020, s. 5; Den norske kirke, 2011). I følgje Tjora vil følelsemessig å verte riven med, både gjennom særskilte situasjonsrituala og daglegdagse samtaleritual, særskilt om dei vert gjenteken, kunne utvikle eit kollektivt medvit for kven som vert gjeven tillit og gruppedlemskap, og handlar slik om grenser for kven som er utanfor og innanfor (Tjora, 2018, s. 62-63).

Korleis ein forstår diakoni eller utøver diakoni, handlar ikkje berre om kyrkjelyden, leiing i kyrkjelyden eller andre profesjonar i staben, det handlar i høgaste grad også om diakonane. I møte med den enkelte situasjon kan diakonen både opne og hindre moglegheitsrom. Til dømes kan diakonane sin bruk av same type reiskap i ein situasjon opne og i ein annan situasjon hindre moglegheitsrom i følgje Nygaard (2015, s. 89). Under koronapandemien måtte diakonane både i møte med frivillige og deltakarar bruke andre reiskapar og vere på andre stadar enn før. Det kan likevel sjå ut som det som i utgangspunktet verka som hindringar, også i nokre tilfelle vart erfaringar diakonane såg som verdfulle å ta med seg vidare, slik til dømes den eine diakonen uttrykte det, at å møte deltakarar på sosiale media var «(..) overraskende positivt» (D5). Som

eg viste til i analysen var det også eksempel på andre reiskapar for å møtast enn sosiale media (Sjå kap. 4 s. 51).

I diakonane sin søken etter å finna nye måtar å møte deltakarar og frivillige på, kan det sjå ut som diakonane ved å ta i bruk nye reiskapar har fått eit utvida repertoar. Reiskapane har opna mogelegheiter diakonane ikkje hadde sett føre seg (Sjå kap. 2). På same tid skjer ikkje dette av seg sjølv. Det er mange faktorar som spelar inn. Som Afdal viser til må for det fyrste diakonane ta desse reiskapane i bruk (Afdal, 2013, s. 154). Under koronapandemien har det opna seg fleire moglegheiter enn før, som også kan møte dei hindringane Nygaard har funne for diakonane i møte med deltakarar (Nygaard, 2015).

I analysen viser eg også til diakonane sine erfaringar med samhandling i staben. Dei har ulike opplevingar. Dette spenner frå ikkje å få taletid, måtte melde seg på, uklar rolle også sjølv om det er medvite om diakoni i staben, til gjensidige drøftingar med dei andre i staben om utfordringar i arbeidet. Som eg viste til i analysen er det i følgje Tjora grunnleggjande for tillit og kunnskapsdeling at dei ulike profesjonane, eller aktørane i ein praksis brukar tid saman. Tjora viser til at dette samværet kan finna stad på ulike plattformer (Tjora, 2018). Interessant her er også, slik det vert vist til i teorien om kunnskaping, at for å skape ei tenleg utvikling i ein praksis, er opplevd støtte grunnleggjande (Paavola & Hakkarainen, 2005, s. 546). Nygaard peikar også på kor viktig opplevd omsorg er for kunnskaping, men viser til at dette er ei utfordring i stabane ho studerte, der til dømes mykje av arbeidet føregjekk i parallelle løp (Nygaard, 2015). Det verkar som bruk av nye reiskapar og reiskapar brukt på nye måtar har spela ei vesentleg rolle for synleggjering og opnarar av moglegheitsrom for det diakonale arbeidet. Det vert også vist til det som kan sjå ut meir symmetriske maktrelasjonar i stabssamanheng, og eksempel på at staben brukte meir tid saman, som igjen gjorde at dei var i lag om fleire aktivitetar og at diakonen slik fekk nye oppgåver (Jf. Tjora, 2018).

Meir samhandling i staben når rutinar vart endra og nye reiskapar vart tekne i bruk eller brukt på nye måtar handlar ikkje berre om overføring av kunnskap frå diakonane til dei andre profesjonane eller kyrkjelyden. Ved at diakonane med meir samhandling med andre i staben får

fleire erfaringar, vil dette kunna gjera dei betre i stand til, og slik auka sin visdom til å ta gode val i spesifikke situasjonar. Eg ser også dette å vera i tråd med gjensidigheit som diakoniplanen viser til, og slik Engel peikar på at det som er bra for diakonane er bra for dei diakonane er der for (Engel, 2017). Meir samhandling vert slik til ein god spiral. Ved gjentekne interaksjonsritual vert det opparbeida emosjonell energi hjå profesjonsutøvarane. I følgje Tjora, slik han viser til med Collins, kjem dette til syne i diakonane sin profesjonspraksis. Som eg har vist til var det dette som skjedde under koronapandemien våren 2020 (Tjora, 2018, s. 59ff).

Kyrkjerådet peikar på at alle tilsette har del i det diakonale oppdraget og at «En tverrfaglig tilnærming til de ulike kirkelige aktivitetene gir bedre kvalitet på alt arbeidet» (Den norske kirke, 2019, KR 30/19, s. 4). Meir samhandling og informasjonsdeling vil kunna styrkja dei andre profesjonane og aktørane i kyrkjelyden til å ha ei diakonal tilnærming i alle kyrkjelege aktivitetar, slik Plan for diakoni viser til (Den norske kirke, 2020, s. 8). Den tverrfaglege tilnærminga er interessant også i samband med at Nygaard i saman med Afdal i doktorgradsavhandlinga fann at diakonane, i tråd med læreplanane frå 2012/2013 til diakonistudiet i Norge, verkar å vere godt forberedt til å møte deltakarar, men i mindre grad i forhold til andre profesjonar (Nygaard, 2015). Engel som eg har vist til i forskingsoversikta fann på si side i rapporten om diakonane i Sverige at diakonane ikkje opplevde å vere godt nok førebudde på oppgåvene som møtte dei i kyrkjelydane etter fullført studie (Engel, 2017, s. 25). Utfordringane både Engel og Nygaard viser til er tema diakonane eg intervjuar held fram i samband med den tettare kontakten mellom diakonane i bispedømet. Dei neste avsnitta er knytt til dette.

#### ***5.4 Meir samhandling i kollegafelleskap***

Alle diakonane i min studie viser til at det styrkjer det faglege å møte andre diakonar. Diakonane viser også til at å drøfta spesifikke tema, som til dømes soknebod, nattverd eller oppgåver i gudstenesta, som meir nyttig enn å berre høyre korleis det går. Sjølv om Nygaard fann at diakonane ut frå læreplanane verkar å verte godt førebudd på å møte deltakarar (Nygaard, 2015), seier diakonar i min studie at dei til dømes kunne tenkt seg meir opplæring i den praktiske sida ved diakonyrket, særleg fordi diakonane ofte er åleine som diakon der dei er

tilsett, og ser det difor som ein styrke å drøfte slike tema med andre diakonar. Det norske diakonforbund har til samanlikning hatt i sitt arbeidsprogram å jobbe for kollegastøtte/fadderordning for nye diakonar (Det norske diakonforbund, 2014a).

Analysen viser også at diakonane ser det som viktig å drøfte problemstillingar med si eiga faggruppe for å ha ei sterkare røyst i stabsfellesskapet (Jf. Tjora, sjå kap. 2 og 4). Til samanlikning viser Afdal til at det er mogeleg for diakonar å omdanna kyrkjelyden sin diakonale praksis med ein artefakt som profesjonsspråket om diakonen meistrar det, og språket passar i praksisen til diakonen (Afdal, 2013, s. 154). I analysen vert det også vist til at å drøfte ulike problemstillingar med diakonar som har andre grunnutdanningar vert opplevd å vere til hjelp for å sjå ulike sider ved ei sak, og slik også ei nyttig erfaring å ha med både i møte med dei andre i staben og deltakarar. Dette ser eg også som interessant for, slik Edgardh viser til, at dei ulike profesjonane som jobbar i kyrkjelydane lett kan misforstå kvarandre fordi dei gjennom utdanningane får for lite kunnskap som overlappar (Edgardh, 2019, s. 181). Erfaringane diakonane viser til å få ved å møte andre diakonar tenkjer eg også er viktig i lys av funna til Nygaard om innhaldet i læreplanane til diakonistudiet, og utfordringane ho viser til med arbeid i parallelle løp i stabar i kyrkjelydar i Dnk.

Diakonane uttrykte at den tettare kontakten med andre diakonar, som var mogleggjort ved å ta i bruk sosiale media, er noko dei ynskter å fortsetja med også etter koronapandemien, til dømes ein gong i månaden. I denne samanhengen er det også interessant at Kyrkjerådet viser til at det er ein tydeleg synergi når fleire diakonar geografisk jobbar nær kvarandre. På same tid viser Kyrkjerådet til at prestane som dei ser som nærast diakonane i type oppdrag støttar seg på kvarandre i eigne fellesskap, gjennom si arbeidsgivarlinje, som dei ikkje deler med diakonane (Den norske kirke, 2019, KR 30/19, s. 4). At prestane verkar å ha god støtte i kvarandre viser også fleire av diakonane eg intervjuar til, på same tid som dei gir uttrykk for at å treffa andre diakonar er viktig, som den eine diakonen sa: «Det har gjort noe med hele min situasjon» (D3).

Opplevd støtte og synergi ved samhandling med andre diakonar vert det også vist til av ei av diakonane intervjuar som jobbar med same type prosjekt som andre diakonar nasjonalt. Desse

diakonane oppretta eit samarbeid nasjonalt om møteplassar på sosiale media for deltakarar, då dei ikkje kunne møte desse deltakarane ansikt til ansikt i sin lokale praksis.

Som ei samanfatning viser drøftinga over, slik eg ser det, at den tettare kontakten mellom diakonane under koronapandemien vil kunne vere ein styrkje både i møte med deltakarar, frivillige og andre faggrupper. Til dømes vil denne kontakten ut frå drøftinga over kunne vere med å hjelpe diakonane sin profesjonspraksis å samsvare med punkt 7 i Det norske diakonforbund sine yrkesetiske retningslinjer for diakonar, om at diakonen skal ha: «respekt for kollegers arbeid, er lojal og bidrar til samarbeid. Diakonen bidrar aktivt og konstruktivt i utforminga og gjennomføringa av virksomhetens arbeid» (Det norske diakonforbund, 2014b, s. 13). Den tettare kontakten mellom diakonane som vart mogleggjort ved å ta i bruk digitale reiskap, ser eg i tråd med argumentasjonen over, som ei støtte som vil kunne bidra til kunnskaping i diakonane sin profesjonspraksis (Paavola & Hakkarainen 2005, s. 538). Dette gjeld både i diakonane sitt arbeid for å leie diakonitenesta og inspirere til diakoni slik Bispemøtet (BM 03/10 i Den norske kyrkje, 2011, KM 09/11, s. 19) peika på at diakonane skal (sjå også kap.1 her), og i møte med deltakarar. Relevant er også her, at reiskapar åleine ikkje opnar moglegheitsrom, dei må verta tekne i bruk slik han viser til med Wertsch (Afdal, 2013, s. 154). Den tettare kontakten mellom diakonane på bispedømet vart mogleggjort av at diakonirågjeveren arrangerte desse møta og at diakonane var villige, eller såg nytten av, å delta.

At det som er bra for diakonane er bra for dei diakonane skal vere der for (Jf. Engel, 2017) handlar i tråd med kapitla over ikkje berre om korleis diakonane møter den enkelte. Det handlar også om korleis diakonane møter andre profesjonar. Når diakonane har det bra vil også meir av arbeidet til diakonane verte synleg i stabar og kyrkjelydar, og slik på same tid også dei diakonane skal vere der for meir sentrale, jamført den doble marginaliseringa eg i innleiinga peika på at Nygaard viser til (Nygaard, 2017, s. 172).

## ***5.5 Samhandling i nettbaserte gudstenester***

Analysen i min studie viser at det under koronapandemien våren 2020 også kan verka å ha vore ei rørsle i diakonane sin profesjonspraksis og erfaringar knytt til gudstenesta. Rørsle mellom

gudstenesta og diakonane sin erfaringar i profesjonspraksis er ògså eit området eg vil trekkja fram som i følge Edgardh er med å skape ei underordning av diakonprofesjonen og diakonien (Edgardh, 2019, s. 188). Det som er interessant i lys av problemstillinga om moglegheitsrommet mellom diakonprofesjonen skildra som sentral og marginalisert var at eg etter å ha lese gjennom intervjuar fleire gongar plutselig vart merksam på at alle diakonane som snakka om gudstenestene på nett snakka om eit *vi*. Det verka slik, som eg har vist til i analysen, som diakonane opplever seg som ein del av eit *vi* med dei andre i staben/kyrkjelyden og i gudstenestearbeidet, sjølv om fleire av diakonane også snakkar om å måtte melda seg på, måtte jobba for å verta synleg og heller ikkje har vore med på gudstenestene. Interesse under er å sjå på kva som kan liggje bak eit slikt *vi* som kom fram i analysen.

Det eg ser som særskilt interessant her i drøftinga er diakonane si begeistring over at det er fleire, og andre som ser på desse gudstenestene, enn dei som vanlegvis kjem til kyrkja. Diakonane si begeistring over at det var fleire og andre enn dei som vanlegvis går til gudsteneste som besøkte gudstenestene på nett stemmer også overeins med ein studie som undersøkte sjåarane si oppleving av desse nettgudstenestene under koronapandemien våren 2020 (Hodøl og Sæbø, 2021). Konklusjonen i studien er slik diakonane i min studie viser til at gudstenestene har nådd lenger ut enn til dei som vanlegvis går til gudsteneste. Interessant ut frå eit diakonalt perspektiv er at sjølv om nokon viser til eit sagn ikkje å kunna vera fysisk til stades i kyrkjerommet, såg andre det som ein fordel. Dette kan til dømes handle om å oppleve det som utfordrande å vere i større forsamlingar (Hodøl og Sæbø, 2021, s. 41 og s. 50). Sett i lys av det Plan for diakoni seier om likeverd, og til dømes om området inkluderande fellesskap, har desse gudstenestene inkludert deltakarar som til vanleg vert ekskludert frå gudstenestefellesskapet, og slik blitt til trøyst og hjelp for desse (Den norske kirke, 2020, s. 6). I ei bok skriven under pandemien om kyrkja på nett, med bidrag frå fleire akademiske røyster frå ulike delar av verda er, i følge Campbell og Osteen, alle bidragsytarane einige om at den digitale kyrkja er viktig som eit tillegg til offline gudstenester, sjølv om dei har ulike meiningar om nettgudstenester (Campbell & Osteen, 2020, s. 70).

Om diakonane ikkje har delteke har dei likevel lete seg engasjere av desse gudstenestene på nett (sjå kap. 2 om Tjora). Diakonane som deltok på desse gudstenestene har gjort

diakonstillinga synleg for deltakarane på gudsteneste, også for deltakarar som ikkje går til gudsteneste til vanleg. I denne synleggjeringa har til dømes diakonskjorta, som eg har vist til, vore ein viktig reiskap. Edgardh gjev på si side eksempel på og etterlyser gudstenester som held dørene opne for diakonien og omvendt (Edghard, 2019, s. 251), som også Nygaard gjev døme på og etterlyser (Nygaard, 2017, 179-180). Ein kan kanskje seie at det i desse gudstenestene på nett er eit døme på ei opning i skotta mellom diakoni, diakoniprofesjonen og gudstenesta gjennom at det kjenslemessig har gjort noko med diakonane. Nokre av diakonane er blitt meir synlege og det er nådd andre deltakarar enn ved vanlege gudstenester.

## 6 Konkluderande oppsummering og utblikk

### 6.1 Konkluderande oppsummering

Med dei teoretiske linsene eg har brukt har eg prøvd å setje lys på kva endringane i rutinar i diakonane sin profesjonspraksis under koronapandemien kan ha betydd for strukturen i praksisen. Dei praksisteoretiske linsene har hjelpt oss gjennom forteljingane til diakonane å få auge på og starte undersøkinga med konkrete situasjonar i diakonane sin arbeidskvardag desse vekene under koronapandemien våren 2020, slik eg ser det. Som Flybjerg viser til er forteljingar om konkrete situasjonar plassen å starte når ein brukar case- studiar (Flybjerg, 2001, s. 136-137). Med teorien om kunnskaping har søkjelyset vore på kva som skapar utvikling i diakonane sin profesjonspraksis (Paavola & Hakkarainen, 2005). Viktige element for utvikling og moglegheitsrom i praksisen, og i tråd med teorien om kunnskaping, er som me har sett samhandling mellom diakonane og dei ulike fellesskapa i diakonane sin profesjonspraksis, og betydninga ulike reiskapar har hatt i denne samhandlinga (Afdal, 2013; Tjora, 2018). Endringane som skjedde desse vekene under koronapandemien verkar å ha gitt diakonane eit utvida repertoar og erfaringar av større moglegheitsrom enn før koronapandemien i fleire felt, sjølv om det også har vore nye hindringar, som til dømes å ikkje kunna møte kvarandre. Tabellen eg laga med opnarar og hindringar i dei ulike felta diakonane skildra i sin profesjonspraksis, både før og under koronapandemien, viste at dette mønsteret særleg var tydeleg i stabsfellesskapet. Mønsteret i stabsfellesskapet peika seg ut med flest hindringar før koronapandemien, men også med flest opnarar og ulike typar reiskapar i desse opnarane for moglegheitsrom i diakonane sin profesjonspraksis desse vekene våren 2020 under koronapandemien.

Det empiriske materialet frå diakonane sin profesjonspraksis, desse fyrste vekene under koronapandemien våren 2020, vart i analysen opna med dei teoretiske linsene, slik eg har vist til. Vidare har eg gjort ei drøfting av funna frå analysen og dei teoretiske linsene i lys av spenninga mellom at kyrkja i vedtak og planar viser til diakonien og diakonprofesjonen som ein integrert del av og sentral for kyrkja si sjølvforståing, og forking som viser til ei underordning og uklår rolle for diakonprofesjonen og det diakonale arbeidet. Drøftinga gjev



eit bilete av rørsla i diakonane sin profesjonspraksis i denne annleis tida, og kva dette handlar om, eller forståingar det kan gje, for moglegheitsrom i desse diakonane sin profesjonspraksis. Nedanfor gjev eg ei samanfatning i fem punkt av biletet som teikna seg i tråd med prosessane som eg har beskrive for studien:

- Denne rørsla handlar for det fyrste om at nokre av diakonane då koronapandemien kom fekk *ny innsikt* ved å få auge på ting som var utfordrande i praksisen til vanleg, og ved å verta medvitne desse hindringane såg ei opning for å kunne gjera endringar. I dette ligg eit potensiale for opnarar for moglegheitsrom i diakonane sin profesjonspraksis, som kan bidra til å skape utvikling i kyrkjelyden sitt diakonale arbeid, slik eg ser det. (Jf. Nicolini, 2012).
- For det andre er det eksempel på *auka synleggjering*. Diakonane og diakonane sitt arbeid er blitt synlegare med bruk av nye reiskapar og reiskapar brukt på nye måtar. Arbeidet til diakonane kan slik verta til inspirasjon for fleire. Diakonane kan også inspirere kvarandre. (Jf. Afdal, 2013). Dette kan bidra og verkar også å ha bidratt til å setje lys på dei diakonane skal vere der for, kva som er utgangspunktet for det diakonale arbeidet, og at diakoni er ei utfordring til alle, slik til dømes diakoniplanen seier (Den norske kirke, 2020).
- Det tredje punktet handlar om *meir samhandling*. Meir samhandling i *staben* når rutinar vart endra og nye reiskapar tatt i bruk, eller brukt på nye måtar, handlar om overføring av kunnskap frå diakonane til dei andre profesjonane og kyrkjelyden og omvendt. Overføringa av kunnskap er gjensidig, og vil kunna, slik eg ser det, gjera diakonane betre i stand til å ta gode val i spesifikke situasjonar og gjera kyrkjelyden og dei andre profesjonane betre i stand til å ivareta det diakonale oppdraget (Jf. Nygaard, 2015).
- Med tettare kontakt mellom diakonane under koronapandemien som vart mogleggjort ved å ta i bruk ulike digitale plattformer vert det vist til eksempel på eit *utvida repertoar og til å kunne bidra til å trygge diakonane i yrkesutøvinga*. Det er til dømes eksempel på eit utvida tilbod for deltakarar med meir samarbeid mellom diakonar. Det vert også vist til inspirasjon til eige arbeid ved å drøfte spesifikke tema. Vidare vert det peika på at fleire høve til å drøfte ulike problemstillingar med eiga faggruppe, til

dømmes korleis utføre ulike praktiske oppgåver, kan vere med å trygge særskilt nye diakonar. Der vert vist også vist til at å møte andre diakonar er til hjelp for å sjå ting frå fleire vinklar, og at å få eiga faggruppe sine synspunkt på ulike utfordringar gjer ein tryggare i møte med andre faggrupper (Jf. Tjora. 2018 og Den norske kirke, 2019).

- Det femte og siste punktet eg vil trekkja fram er gudstenester på nett. Desse gudstenestene på nett kan kanskje sjåast på som eit døme på ei opning i eller *meir samhandling, eller meir opne skott*, mellom *diakoni/diakoniprofesjonen* og *gudstenesta* som tidlegare forskning etterlyser (Nygaard, 2017; Edghard, 2019, s. 251). Alle diakonane som snakka om gudstenestene på nett snakka om eit *vi*, og viser til ei begeistring over at det var fleire og andre enn dei som vanlegvis går til gudsteneste som besøkte gudstenestene på nett. I desse gudstenestene verkar det også som nokre av diakonane er blitt synleg for fleire enn til vanleg.

Min studie har konsentrert seg om desse vekene våren 2020 og om fem diakonar sine skildringar frå arbeidskvardagen i denne perioden. Skildringane av dette mønsteret i seg sjølv kan ikkje i følgje Thagaard overførast til andre samanhengar. Det som kan ha betydning for andre i liknande situasjonar er tolkingane av dei sosiale prosessane i denne konkrete situasjonen (Thagaard, 2018, s. 194 -196). Fenomen, til dømes slik Tjora (2018) peikar på med opplevingar med å vera i randsoner, i mindretal eller ny i eit etablert fellesskap, og vidare prosessar for kva som skapar gode fellesskap, til dømes interaksjonsritual når desse er vellykka eller kollektiv effervesens, eller reiskap si betydning i desse prosessane kan likevel kjennast att. Dette er fenomen som kan gje forståingar også i andre samanhengar enn den konkrete situasjonen til desse fem diakonane (Thagaard, 2018, s. 194 -196).

## 6.2 Utblikk

Underordning av diakoni som omsorgsyrke, eller ord over handling viser fleire til er ei utfordring for diakoniprofesjonen (Nygaard, 2017; Edghard, 2019). Dette kan kanskje verta illustrert med merksemda Moser, administrerande direktør ved Diakonhjemmet i ein artikkel i Vårt land, viser til at det har vore rundt lukka kyrkjer under koronapandemien. Moser peikar på

at det er kyrkjebygga, ikkje kyrkja som har vore stengd. Kyrkja sine mange ulike aktørar i den diakonale tenesta har heile tida gjennom koronapandemien vore tilstades i menneska sin kvardag, men kyrkja har i følge Moser ikkje vore gode på å synleggjera dette (Larsen, 2021). I samsvar med Moser viser diakonane eg har intervjuar til mange eksempel på å ha vore tilstades i menneska sine liv under koronapandemien desse vekene våren 2020. I denne annleis tida har me sett at når rutinar vart endra og nye reiskapar tatt i bruk, eller reiskapar brukt på nye måtar er moglegheitsrom opna.

I boka om kyrkja på nett under pandemien snakkar Campbell om den nye *normalen* for kyrkjene i verda. Denne nye normalen handlar om potensialet for eit utvida repertoar som ligg i interaksjonen mellom ulike aktørar ved å ta i bruk nye reiskapar, som til dømes gudsteneste på nett (Campbell, 2020, s. 6). Basert på mi forskning kan den nye normalen i diakonane sin profesjonspraksis handle om at det ved bruk av nye reiskapar, eller reiskapar brukt på nye måtar, opnar seg moglegheitsrom i ulike felt i diakonane sin profesjonspraksis. Kyrkja på nett i ulike variantar er eksempel på ein slik ny normal der ein kan opna moglegheitsrom også for diakoniprofesjonen og diakonien, eller meir samhandling, eller meir opne skott, mellom diakoni/diakoniprofesjonen og gudstenesta, som tidlegare forskning etterlyser (Nygaard, 2017; Edghard, 2019, s. 251). Desse gudstenestene verkar å kunna bidra til eit auka moglegheitsrom for synleggjering både av det diakonale arbeidet og av diakonane. Desse moglegheitsromma tenkjer eg er viktig for kyrkja å undersøkje vidare for realisering av kyrkja sin visjon om «Meir himmel på jord» (Den norske kirke, 2020, s. 3).

## 7 Litteratur

Afdal, G. (2013). *Religion som bevegelse: læring, kunnskap og mediering* (p. 250).

Universitetsforlaget

Angell, O. H., & Selbekk, A. S. (2005). *Kirke og helse: kartlegging av diakonalt helsearbeid innen Den norske kirke*: Vol. nr. 3/2005 (p. 132). Diakonhjemmet høgskole, Avdeling for forskning og utvikling. Kirkerådet biblioteket ved Diakonhjemmet Høgskole i Oslo, [www.diakonhjemmet.no/biblioteket](http://www.diakonhjemmet.no/biblioteket)

Anker, T. (2019). *Analyse i praksis: en håndbok for masterstudenter*. Cappelen Damm akademisk.

Brinkmann S. (2017). The Interview. I Denzin, N. K., & Lincoln, Y. S. *The SAGE handbook of qualitative research* (5th ed.) s. 576-598 Sage.

Campbell H. A. (2020). An Introduction to Digital Ecclesiology: What Does a Conversation on Digital Ecclesiology Look Like? I H. A. Campbell (Red.), *Digital Ecclesiology: A global Conversation* (s. 3-6). Digital Religion Publications. An Imprint of the Network for New Media, Religion & Digital Culture Studies

Campbell H. A. og Osteen S. (2020). Moving Towards a Digital Ecclesiology: Key Themes and Considerations. I H. A. Campbell (Red.), *Digital Ecclesiology: A global Conversation* (s. 48-52). Digital Religion Publications An Imprint of the Network for New Media, Religion & Digital Culture Studies

Collins, R. (2004). *Interaction ritual chains*. Princeton University Press.

Den norske kirke. (2011). KM 09/11 *Diakonitjenesten i kirkens tjenestemønster*. Henta 10.05.2021 frå

[https://kirken.no/globalassets/kirken.no/migrering/km\\_09\\_11\\_diakontjenesten.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/migrering/km_09_11_diakontjenesten.pdf)

Den norske kirke. (2019). KR 30/19 *Revidert Plan for diakoni – høring*. Kirkerådet. Henta 10.05.2021 frå [https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkeradet/2019/mars/kr\\_30\\_0\\_19\\_revidert\\_plan\\_for\\_diakoni\\_hoering.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkeradet/2019/mars/kr_30_0_19_revidert_plan_for_diakoni_hoering.pdf)

Den norske kirke. (2020). *Plan for diakoni*.

[https://ressursbanken.kirken.no/contentassets/74595229021f433b9e5541f654bfa353/plan-for-diakoni\\_rev2020.pdf](https://ressursbanken.kirken.no/contentassets/74595229021f433b9e5541f654bfa353/plan-for-diakoni_rev2020.pdf)

Den norske kirke. (2021). *Diakon, kantor, kateket og prest*. Henta 10.05.2021 frå

<https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/arbeid-og-utdanning/jobb-som-forandrer/stillinger-det-vigsles-til/>.

Det Norske Diakonforbund. (2014a). *Arbeidsprogram 2014-2017*. Henta 26.05.2021 frå

[https://www.diakonforbundet.no/images/ARBEIDSPROGRAM\\_2014\\_2017\\_VEDTATT\\_GF\\_14.pdf](https://www.diakonforbundet.no/images/ARBEIDSPROGRAM_2014_2017_VEDTATT_GF_14.pdf)

Det Norske Diakonforbund. (2014b). *Yrkesetiske Retningslinjer for Diakoner*. Henta 26.05.21

frå [https://www.diakonforbundet.no/images/Yrkesetiske\\_retningslinjer\\_diakoner.pdf](https://www.diakonforbundet.no/images/Yrkesetiske_retningslinjer_diakoner.pdf)

Dietrich, S., Korslien, K.K., Nordstokke K., Jørgensen, K. (2014). Introduction. Diakonia as Christian social practice. I S. Dietrich, K. Jørgensen, K. K. Korslien, K. Nordstokke (Red.), *Diakonia as Christian Social Practice: An Introduction* (s. 1-26). Regnum.

Edgardh, N. (2019). *Diakonins kyrka: teologi, kön och omsorgens utmattning*. Verbum AB.

Edgardh, Ninna. (2020). Diakonin och omsorgen om vårt gemensamma hem. I *Tidsskrift for praktisk teologi* (Vol. 37), Issue 1) s 32-41

Engel C. (2017). Mind the Gap-s! Om diakonernas kompetens, arbetssituation och rekrytering I Engel C. og Christiansson E., *Diakonins strukturer: En presentation av tre empiriska studier av den församlingsdiakonala verksamheten i Stockholms stift 2016/2017*, s. 23-35

Erikstein, E., & Solbu, I. (2009). Det er mennesket som er verdien. I Erikstein, E., & Solbu, I. (Red). *Med andre ord: en inspirasjonsbok i diakoni* (s. 16-22). IKO-forlaget AS.

Fanuelsen, O. (2013). A distinct and independent ministry - the deacon's ministry in the Church of Norway: answers and questions on the General Synod's decision (2011).

*International Journal for the Study of the Christian Church*, 13(4), 312–326.

<https://doi.org/10.1080/1474225X.2013.871396>

- Flyvbjerg, B. (2001). *Making social science matter: why social inquiry fails and how it can succeed again*. Cambridge University Press.
- Flyvbjerg, B. (2011): Case study, I Denzin, Norman K. og Yvonna S. Lincoln (red.), *The Sage Handbook of Qualitative Research* (4 ed.). (s. 301-316). Thousand Oaks: Sage Publications
- Grimen, H. (2008). Profesjon og kunnskap. I A. Molander & L. I. Ternum (Red.), *Profesjonsstudier* (s. 71–86). Universitetsforlaget.
- Haugen, H. M. (2018). *Diakoni i velferdssamfunnet: mangfold og dilemmaer*. Fagbokforlaget.
- Jordheim, K. (2011). Diakonstillinger i Den norske kirke : rammer og ordninger. I S. Dietrich, K. K.Korslien, & K. Nordstokke (Red.), *Diakonen – kall og profesjon*. (s. 153–170). Tapir Akademisk Forlag. <http://hdl.handle.net/11250/2457276>
- Jordheim, K. (2015). “Challenges for Diakonia in the contemporary Norwegian society” *Estudos teológicos*, vol 55.2, 243 – 259.
- Hodøl, H. O. & Sæbø E. (2021). Seernes opplevelse av nettbaserte gudstjenester. *Kirke Og Kultur*, 1/2021, årgang 126, 31-53. Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-3002-2021-01-04>
- Holmqvist, M. (2012). Trosopplæring som livsstil?: En analyse av læringssyn i Trosopplæringsplanen. I *Prismet: Pedagogisk tidsskrift*, 63(1), s. 17-33. IKO-forlaget.
- Kaunda, C. J. (2020). The Diaconal Church, edited by Stephanie Dietrich, Knud Jorgensen, Kari Karsrud Korslien and Kjell Nordstokke. *Mission Studies*, 37(2), 301–302. <https://doi.org/10.1163/15733831-12341722>
- Molander, A., & Eriksen, E. O. (2008). Profesjon, rett og politikk. I A. Molander & L. I. Ternum (Red.), *Profesjonsstudier* (s. 161–176). Universitetsforlaget.
- Molander, A., Ternum, L. I. (2008). Profesjonsstudier – en introduksjon. I A. Molander & L. I. Ternum (Red.), *Profesjonsstudier* (s.13 -27). Universitetsforlaget.
- Nordstokke, K. (2011). *Liberating diakonia*. Tapir akademisk forlag

Norsk Senter For Forskningsdata (2021, 30. mai). Hva er personopplysninger  
<https://www.nsd.no/personverntjenester/oppslagsverk-for-personvern-i-forskning/hva-er-personopplysninger>

Larsen, M. M. (2021, 20. april). Mener diakonien blir glemt når man snakker om at kirka er nedstengt. Vårt land. <https://www.vl.no/religion/kirke/2021/04/20/mener-diakonien-blir-glemt-nar-man-snakker-om-at-kirka-er-nedstengt/>

Lau, B. (2012). *Arbeid, helse og engasjement blant ansatte i Dnk.* (Arbeidsforskningsinstituttets rapportserie). Henta frå [https://www.ka.no/\\_service/300851/download/id/278111/name/afirapp2012.pdf](https://www.ka.no/_service/300851/download/id/278111/name/afirapp2012.pdf)

Nicolini, D. (2012). *Practice theory, work, and organization: an introduction.* Oxford University Press.

Nygaard M. R. (2011). "Diakoners Profesjonsvilkår I Den Norske Kirke. *Halvårsskrift for praktisk teologi* Årg. 28, no. 2 (2011), 32-46

Nygaard M. R. (2015). *Caring to know or knowing to care?: knowledge creation and care in deacons' professional practice in the Church of Norway.*/[Doktorgradsavhandling/. Det teologiske Menighetsfakultet].

Nygaard M. R. (2017). Reflective Practice of Diaconia from the Margins: Ecclesiological and Professional Implications. *Diaconia*, 8(2), 166–187.  
<https://doi.org/10.13109/diac.2017.8.2.166>

Paavola, S. og Hakkarainen, K. (2005). The Knowledge Creation Metaphor – An Emergent Epistemological Approach to Learning. *Science & Education*, 14(6), 535–557.  
<https://doi.org/10.1007/s11191-004-5157-0>

Reckwitz, A. (2002). Toward a Theory of Social Practices. *European Journal of Social Theory*, 5(2), 243–263. <https://doi.org/10.1177/13684310222225432>

Sfard, A. (1998). On Two Metaphors for Learning and the Dangers of Choosing Just One. *Educational Researcher*, 27(2), 4-13. <https://doi.org/10.2307/1176193>

Sjöberg, L. (2020). *Nordisk diakoniforskning 2015 – 2019: Kunskapsläge och forskningssammenhang*./[Masteroppgåve, Uppsala universitet, Teologiska institutionen/]. Uppsala universitetsbibliotek, <http://urn.kb.se/resolve?urn=urn:nbn:se:uu:diva-413368>

Store norske leksikon (2020). <https://snl.no/mulighet>

Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitative metoder* (5. utg). Fagbokforlaget

Tjenesteordning for diakoner. (2005). *Tjenesteordning og kvalifikasjonskrav for diakoner* (FOR-2004-11-20-1895). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/INS/forskrift/2004-11-20-1895> 10.05.2021

Tjora, A. H. (2018). *Hva er fellesskap*. Universitetsforlaget

Wertsch, J. V. (1998). *Mind As Action*. Oxford University Press.



## 8 Vedlegg

### Vedlegg 1, Informasjonsskriv

#### Vil du delta i forskingsprosjektet

#### ”På sporet av ein diakonal identitet og praksis?”

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt kor formålet er å sjå på diakonar som hjelparar i lys av Plan for diakoni i Den norske kyrkja. I dette skrivet gir vi deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil bety for deg.

##### Formål

Prosjektet er ei masteroppgåve i diakoni.

Diakonane i ein kyrkjelyd møter menneske med mange ulike livserfaringar, også krevjande livserfaringar, i mange ulike fasar av livet, frå fødsel til død. Eg ynskjer å sjå på korleis diakonar ser på seg sjølv i rolla som hjelparar i lys av diakoniplanen for Den norske kyrkja. Kva tenkjer diakonar om sitt handlingsrom som hjelparar, og korleis møte utfordringane i dette rommet spissa inn mot koronapandemien.

##### Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

MF vitenskapelige høgskole er ansvarleg for prosjektet.

##### Kvifor får du spørsmål om å delta?

Du får spørsmål om å delta som informant fordi du jobbar som diakon i ein kyrkjelyd.

##### Kva inneber det for deg å delta?

Deltaking i prosjektet inneber eit intervju og føring av ein logg i forkant av intervjuet. Spørsmåla i intervjuet vil handla om erfaringar du har gjort i arbeidet som diakon spissa inn mot koronapandemien. Loggen inneber føring av aktivitetar i det diakonale arbeidet i dei fyrste fjorten dagane med restriksjonar under koronapandemien. Punkt i loggen: Moglegheiter, utfordringar, kva som vart gjort og korleis, og om du samarbeida med nokon, feks stab eller andre, og ha det som ein bakgrunn for intervjuet.

##### Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Viss du vel å delta, kan du når som helst trekkja samtykkje tilbake utan å grunngje kvifor. Opplysningar om deg vil bli anonymisert ved at det ikkje vert brukt namn i oppgåva, men du vil indirekte kunna bli identifisert med bakgrunn i arbeidsstad og stilling. Det vil ikkje ha nokon negativ konsekvens for deg om du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

##### Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og brukar dine opplysningar

Vi vil berre bruka opplysningane om deg til formåla vi har fortalt om i dette skrivet. Opplysningane vert behandla konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Det er berre eg som student og vegleiar som vil ha tilgang til opplysningane.
- Namn og kontaktopplysningane dine vil verta erstatta med ein kode som vert lagra på eiga namneliste skilt frå anna data. Lagra datamateriale vert kryptert. Opplysningar om deg som

deltakar vert anonymisert i oppgåva, men du vil indirekte kunna bli identifisert med bakgrunn i arbeidsstad og stilling.

#### **Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Prosjektet skal etter planen verta avslutta 20.12.2020. Personopplysningar vert anonymisert og eventuelle optak vert sletta ved prosjektslutt.

#### **Dine rettar**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysningar om deg,
- få sletta personopplysningar om deg,
- få utlevert ein kopi av dine personopplysningar (dataportabilitet), og
- å senda klage til personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

#### **Kva gjev oss rett til å behandla personopplysningar om deg?**

Vi behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå MF vitenskapelige høgskole har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

#### **Kor kan eg finna ut meir?**

Om du har spørsmål til studien, eller ynskjer å nytta deg av dine rettar, ta kontakt med:

- MF vitenskapelige høgskole ved student [redacted] er epost: [redacted] og prosjektansvarleg/vegleiar Tone Stangeland Kaufman, epost: [tone.s.kaufman@mf.no](mailto:tone.s.kaufman@mf.no) eller telefon: 22 59 05 29.
- MF vitenskapelige høgskole sitt personvernombod:
- NSD – Norsk senter for forskingsdata AS, på e-post ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller telefon: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Prosjektansvarleg  
(Forskar/vegleiar)

*Eventuelt student*

---

## **Samtykkeerklæring**

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet "Diakonen den gode hjelper?", og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykkjer til:

- å delta i intervju og føring av logg. Namnet mitt vert ikkje brukt i oppgåva, men eg vil indirekte kunna bli identifisert med bakgrunn i arbeidsstad og stilling.

Eg gjev samtykkje til at mine opplysningar vert behandla fram til prosjektet er avslutta, ca. 20.12.2020.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

## *Vedlegg 2, Intervjuguide*

1. Kva skjedde på din jobb i den veka restriksjonane med koronapandemien vart sett i verk? Kva vart annleis? Korleis erfarte du det?
2. Kan du fortelja litt om deg sjølv? Slikt som utdanning, type grunnutdanning og diakon utdanning, og kor lenge du har jobba i Den norske kyrkja?
3. Kan du beskriva aktivitetar som vart sett i gong. Kven initierte, kven gjennomførte, korleis var responsen/erfaringa og kor skjedde aktiviteten?
4. Korleis erfarte/erfarer du moglegheiter og hindringar?
5. Har du nokre eksempel frå praksis i desse vekene med koronapandemien du spesielt vil trekkja fram? Noko som skjel seg frå vanleg praksis?
6. Kven bestemte kva som skulle setjast i verk? Var det deg som diakon, kyrkjeverje, kyrkja nasjonalt. Regjeringa?
7. Kor ligg motivasjonen for arbeidet?
8. Korleis opplever du kollega støtte- deltek du for eksempel i kollegarettleiingsgrupper eller liknande? (Er andre kjelder til støtte – utanom stab, for eksempel andre org, prof eller frivillige?)
9. Er det noko meir du tenkjer er viktig å seie noko om?

## Vedlegg 3, Godkjenning NSD

31.5.2021

Meldeskjema for behandling av personopplysninger

# NSD NORSK SENTER FOR FORSKNINGSDATA

### NSD sin vurdering

#### Prosjekttittel

Diakonen den gode hjelpar?

#### Referansenummer

581406

#### Registrert

#### Behandlingsansvarlig institusjon

MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn

#### Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Tone Stangeland Kaufman, Tone.S.Kaufman@mf.no, tlf: 22590529

#### Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

#### Kontaktinformasjon, student

26.07.2019 - 21.06.2021

#### Status

09.12.2020 - Vurdert

#### Vurdering (4)

##### 09.12.2020 - Vurdert

NSD har vurdert endringen registrert 07.12.20.

Vi har nå registrert 21.06.2021 som ny sluttdato for behandling av personopplysninger.

I tilfelle det skulle bli aktuelt med ytterligere utvidelse av den opprinnelige sluttdato, må vi vurdere hvorvidt det skal gis ny informasjon til utvalget.

#### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til videre med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Silje F. Opsvik  
Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

##### 03.04.2020 - Vurdert

NSD har vurdert endringen registrert 01.04.20.

Prosjektbeskrivelsen er spisset inn mot koronapandemien og er nå: « Prosjektet er ei masteroppgåve i diakoni. Diakonane i ein kyrkjelyd møter menneske med mange ulike livserfaringar, også krevjande livserfaringar, i mange ulike fasar av livet, frå fødsel til død. Eg ynskjer å sjå på korleis diakonar ser på seg sjølv i rolla som hjelparar i lys av diakoniplanen for Den norske kyrkja. Kva tenkjer diakonar om sitt handlingsrom som hjelparar, og korleis møte utfordringane i dette rommet spissa inn mot koronapandemien».

I tillegg er det lagt til logg som en ny datakilde. Utvalget blir bedt om å loggføre aktiviteter i det diakonale arbeidet i de første fjorten dagene med restriksjoner under koronapandemien.

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedlegg den 03.04.20. Behandlingen kan fortsette.

#### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til videre med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Silje F. Opsvik  
Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

<https://meldeskjema.nsd.no/vurdering/5d3add9f-96b2-454c-bb5b-5f3fc8c96776>

1/3

